

Budsjett og økonomiplan 2016-2019

Vedtatt i Telemark fylkesting
10. desember – sak 47/15



TELEMARK
fylkeskommune



Innhold

Innhold	2
1. Vedtak i fylkestinget.....	4
2. Budsjettets profil og fylkesrådmannens prioriteringar.....	10
3. Nøkkeltal.....	13
4. Om styringsprosessen og styringsdokumenta	14
5. Økonomiske målsettinger	15
5.1 Resultatmål.....	15
5.2 Prioriterte satsingsområde og tiltak	15
6. Hovudtal og økonomiske rammevilkår.....	20
6.1 Driftsrammer 2016-2019	20
6.2 Finansiering av drifta.....	23
6.3 Rammer gitt i statsbudsjettet	23
6.4 Finansutgifter.....	26
7. Investeringsprogram	28
7.1 Endringar i investeringsprogrammet	28
7.2 Finansiering av investeringar	28
7.3 Prioriterte investeringstiltak	30
8. Politisk styring og leiing.....	35
8.1 Økonomisk ramme	36
9. Administrasjon og fellestjenester	38
9.1 Økonomisk ramme	39
9.2 Resultatmål.....	42
9.3 Prioriterte satsingsområde og tiltak	42
10. Vidaregåande opplæring.....	45
10.1 Økonomisk ramme	46
10.2 Resultatmål	52
10.3 Prioriterte satsingsområde og tiltak	52
11. Tannhelse	55

11.1 Økonomisk ramme	56
11.2 Resultatmål	57
11.3 Prioriterte satsingsområde og tiltak	58
12. Regional utvikling.....	60
12.1 Økonomisk ramme	61
12.2 Resultatmål	63
12.3 Prioriterte satsingsområde og tiltak	64
13. Areal og transport.....	67
13.1 Økonomisk ramme	68
13.2 Resultatmål	70
13.3 Prioriterte satsingsområde og tiltak	72
14. Tabellvedlegg.....	74

I. Vedtak i fylkestinget

Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 15/07357

Arkivkode

Sakshandsamar Ailin Aastvedt

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Hovudutval for samferdsel	02.11.2015	66/15
2 Hovudutval for næringsutvikling	03.11.2015	90/15
3 Hovudutval for kompetanse 2015 - 2019	04.11.2015	50/15
4 Hovudutval for kultur	05.11.2015	62/15
5 Administrasjonsutvalet	10.11.2015	10/15
6 Fylkesutvalet	18.11.2015	136/15
7 Fylkeskommunalt råd for personer med nedsatt funksjonsevne 2011-2015	30.11.2015	6/15
8 Telemark fylkeskommunale eldreråd o3.12.2015	03.12.2015	7/15
9 Fylkestinget	09.12.2015	47/15

Budsjett og økonomiplan 2016-2019

Fylkestinget har handsama saken i møte 09.12.2015 sak 47/15

Møtehandsaming

Representanten Gunn Marit Helgesen (H) fremma følgjande tilleggsforslag på vegne av Sp, H, Frp og V:

1. presisering budsjett; driftsresultatet reduseres fra 4% til omlag 3.5%. Avsetningen til fond reduseres tilsvarende.
2. Det bevilges ytterligere 400.000 kroner til kulturformål. Midlene fordeles likt på Telemark symfoniorkester, Viser ved Kanalen og Huka hoppanlegg.

Budsjett opposisjon – Fylkestinget 09.12.15

Område	Økning	Reduksjon	merknad:
Seljord vgs	3000		Opprettholde avdeling
Fylkesbibliotek	500		Opprettholde avdeling på Ulefoss
Øvrige fylkesveier	7000		
Reversere kutt - kultur	2700		Reversere kutt.
ladestasjoner for el-bil	500		Ladestasjoner på steder med dårlig tilgang i dag.
Skole-helse-tjeneste	1000		Satsing på helsesøstertjenesten
Økt satsing på frivillighet	400		
Ikke opprette h-utv adm		1300	
Ytterligere red - reiser	1000		Rådmannen kutter 1.000.000.
Kutt i stillingsbanken			Følge rådmannen sitt forslag.
Kutt i elev pc ordning			Vil kreve 600.000 å reversere kutt. Senere 1.400.000.
Red kost Bø pga Seljord	500		
økt tilskudd. Kvitsund	200		
hovedutv; næring	100		
kompetanse	100		
kultur	100		
samferdsel	100		
Kontrollutvalget	100		
Videregående skole	5000		Herunder bland annet satsing på lærlinger 2 mill.
Sum - reduserte kostnader	3300		
Sum - økte kostnader	19900		

Representanten Gunn Marit Helgesen (H) fremma følgjande forslag på vegne av Sp, H, Frp og V:
Verballforslag – Høyre, FrP, Senterpartiet og Venstre.

1. Fylkesrådmannen bes fremme sak for fylkestinget knyttet til hvilke konsekvenser den økte tilstrømningen av flyktninger til Norge vil få for de samfunnsområdene Telemark Fylkeskommune har ansvar for.
2. Ved oppgradering/bygging av fylkeskommunale bygg skal lademuligheter for el-biler være en del av prosjektet.
3. Rådmannen bes iverksette et arbeid for å flytte administrasjonen av Telemarkskanalen og Telemark regionalpark fra Fylkeshuset og til Nome.
4. Arbeidet ovenfor statlige myndigheter for å sikre videre drift av Bratsbergbanen tas opp igjen i 2016, for på den måten å legge et grunnlag for en positiv beslutning på et senere tidspunkt.
5. Rådmannen bes vurdere bruk av fond for ekstremvær til forebyggende tiltak knyttet til fylkesveiene. Dette i forkant av at utilsiktede hendelser som følge av klimaendringer.
6. Administrasjonen bes vurdere om ubesatte stillinger bør besettes. Dersom disse bør besettes bes administrasjonen vurdere om disse kan besettes internt.
7. Oversendelsesforslag til fylkesutvalet: Fylkestinget konstaterer at det i forslag til budsjett for 2016 er lagt til grunn en lønnsvekst i Telemark fylkeskommune på 3%. Fylkestinget mener dette er svært høyt gitt de økonomiske utfordringene Norge nå står ovenfor. Fylkesordfører og fylkesrådmann bes arbeide aktivt ovenfor KS for at kommende lønnsvekst blir betydelig lavere.

Representanten Tone Elisabeth Berge Hansen (Ap) fremma følgjande forslag på vegne av Ap, Krf, R og SV:
Rådmannen bes vurdere muligheten for å flytte arbeidsplasser knyttet til Telemarkskanalen og Regionalparken til Nome.

Representanten Ådne Naper (SV) fremma følgjande forslag på vegne av SV, Ap, Krf og R:

1. Miljø- og klima skal ivaretas i fylkeskommunens regionale planstrategi
2. I tillegg ønsker fylkestinget følgende:

Administrasjonen igangsetter arbeidet med klimaplan for fylkeskommunen i januar 2016, og det settes av midler til tiltak fra og med 2017. Overordnet skisse for planen og de første pilottiltakene skal foreligge innen behandling av budsjett for 2017. Planen rulleres og videreføres gjennom perioden 2016-2019.

Vi ber om at fylkesrådmannen utarbeider forslag til organisering, framdriftsplan og mandat for arbeidet og dette presenteres for fylkesutvalget i februar. Fylkesutvalget er styringsgruppe og til slutt skal klimaplanen vedtas i fylkestinget innen desember 2016.

Fylkesvaraordfører Hans Edvard Askjer (Krf) fremma følgjande forslag:

Fylkestinget ber Fylkesrådmannen:

- 1:Å følge opp det positive arbeidet med gevinstrealisering med mål om å ytterligere øke kvaliteten i tjenestetilbudet til brukerne.
- 2:Fylkestinget ønsker videre en gjennomgang og analyse av organisasjonen for å se på mulig omprioriteringer og rasjonalisering.
- 3:Fylkesrådmannen utarbeider forslag til organisering og mandat for dette arbeidet.
Dette presenteres i Hovedutvalg for administrative saker i første møtet i januar.

Fylkesutvalget skal være styringsgruppe og alle saker fremmes gjennom hovedutvalget for administrasjonssaker.

Votering

Tilrådinga frå fylkesutvalet blei satt opp mot justert budsjettforslag frå Helgesen:
Tilrådinga frå fylkesutvalet blei vedtatt med 21 mot 20 røyster.

Verbalforslag frå Helgesen på vegne av H, Sp, Frp og V

- 1: Forslaget frå Helgesen blei samrøystes vedtatt.
- 2: Forslaget frå Helgesen blei samrøystes vedtatt.
3. Blei satt opp mot satt opp mot forslaget frå Berge Hansen: Forslaget frå Berge Hansen vedtatt med 21 mot 20 røyster.
- 4: Forslaget frå Helgesen blei samrøystes vedtatt.
- 5: Forslaget frå Helgesen falt med 20 mot 21 røyster.
- 6: Forslaget frå Helgesen falt med 20 mot 21 røyster.
- 7: Forslaget frå Helgesen blei samrøystes vedtatt.

Forslag frå Naper blei samrøystes vedtatt.

Forslag frå Askjer blei vedtatt med 20 mot 21 røyster.

Tilråding frå fylkesutval med endringer og tillegg blei vedtatt.

Vedtak

Årsbudsjett 2016 og økonomiplan for 2017-2019 for Telemark fylkeskommune blir vedteke i samsvar med framlegget frå fylkesrådmannen og med følgjande endringar:

Fylkesrådmannen viser til den framlagte økonomiplanen og kjem med følgjande tilråding:

1. *Økonomiplan for 2016–2019 blir vedteken med dei tiltak og økonomiske rammeføresetnader som går fram av fylkesrådmannen sitt forslag, og med det netto rammebeløp for rammeområda som går fram av budsjettkjema 1B i vedlegg til budsjett og økonomiplanen.*
2. *Fyrste året i økonomiplanen blir vedteken som fylkeskommunen sitt årsbudsjett for 2016 med ei samla ramme til fordeling drift på kr 1 856 364 000 (jf. budsjettkjema 1A i vedlegg) og ei brutto utgiftsramme for investeringsbudsjettet på kr 598 168 000 (jf. budsjettkjema 2A i vedlegg).*
3. *Rammen for investeringar i anleggsmiddel for 2016 fastsettast til 580 668 000 (jf. budsjettkjema 2A i vedlegg) og fordelas i samsvar med spesifikasjon i budsjettkjema 2B presentert i vedlegg. Fylkestinget godkjenner lånepptak til finansiering av investeringsprosjekta med inntil kr 411 520 000. Avdragstida fastsettast til opp mot det maksimale av kva som er tillat i forskriftene. Eigenkapitalinnskott i KLP på kr 2 500 000 finansierast ved bruk av ubunden investeringsfond. Utlån til finansiering av E134 ved Saggrenda-Gvammen på kr 15 0000 000 finansierast ved bruk av disposisjonsfond.*
4. *Fylkesrådmannen får fullmakt til å velje finansieringsform og finansieringsinstitusjon samt å akseptere rente- og avdragsvilkår og underteikne lånedokumenta.*

- 5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere budsjettet i samsvar med fordelinga av lønnsreserven satt av på ansvar 8.**

Forslag til endringer sammenlignet med fylkesrådmannens innstilling:

	2016 Auka utg./ red. innt.	2017 Auka utg./ red. innt.	2018 Auka utg./ red. innt.	2019 Auka utg./ red. innt.	Tall i 1000 kr
KOMPETANSE					
1 Merkostnad skoletilbud	5000	5000	5000	5000	
2 Elevpc	2000				
3 Auke til disposisjon hovedutvalg for kompetanse *	3500	2000	2000	2000	
KULTUR					
4 Auke til disposisjon hovedutvalget for kultur	2000	2000	2000	2000	
5 Styrking Telemarkskanalen	1000	1000	1000	1000	
HOVEDUTVALG FOR ADMINISTRASJONSAKER					
6 Stillingsbanken **	2200	3600	3800	3800	
7 Klimatiltak frå klimaplanen ***		1000	1000	1000	
SUM økte utgifter	15700	14600	14800	14800	
Saldering					
8 Redusere politisk styring og leiing	1000	1000	1000	1000	
9 Redusere fond ekstremvær	5000				
10 Redusere overføring fra drift til investering****	5000	10000	10000	5000	
11 Dekkes av fond til fri disposisjon fylkesting	4700	3600	3800	8800	
Sum inndeckning	15700	14600	14800	14800	

*For arbeid med tilrettelagt undervisning, kompetanseheving av lærere, skolehelsetjenesten. Det skal opprettes mobbeombud.

**Hovudutval for administrasjonssaker gjennomgår stillingsbanken 1 2016 med sikte på redusere kostnaden frå 2007.

***Det utarbeides en klimaplan for Telemark fylkeskommune i 2016.

****Reduserer egenfinansiering frå 44% til 42% i tråd med LTP.

Tilleggsvedtak fra fylkestinget:

6. Fylkesrådmannen bes fremme sak for fylkestinget knyttet til hvilke konsekvenser den økte tilstrømningen av flyktninger til Norge vil få for de samfunnsområdene Telemark Fylkeskommune har ansvar for.
7. Ved oppgradering/bygging av fylkeskommunale bygg skal lademuligheter for el-biler være en del av prosjektet.
8. Rådmannen bes vurdere muligheten for å flytte arbeidsplasser knyttet til Telemarkskanalen og Regionalparken til Nome.
9. Arbeidet ovenfor statlige myndigheter for å sikre videre drift av Bratsbergbanen tas opp igjen i 2016, for på den måten å legge et grunnlag for en positiv beslutning på et senere tidspunkt.
10. Oversendelsesforslag til fylkesutvalet: Fylkestinget konstaterer at det i forslag til budsjett for 2016 er lagt til grunn en lønnsvekst i Telemark fylkeskommune på 3%. Fylkestinget mener dette er svært høyt gitt de økonomiske utfordringene Norge nå står ovenfor. Fylkesordfører og fylkesrådmann bes arbeide aktivt ovenfor KS for at kommende lønnsvekst blir betydelig lavere.
11. 1: Miljø- og klima skal ivaretas i fylkeskommunens regionale planstrategi
2: I tillegg ønsker fylkestinget følgende:
Administrasjonen igangsetter arbeidet med klimaplan for fylkeskommunen i januar 2016, og det settes av midler til tiltak fra og med 2017. Overordnet skisse for planen og de første pilottiltakene skal foreligge innen behandling av budsjett for 2017. Planen rulleres og videreføres gjennom perioden 2016-2019.
Vi ber om at fylkesrådmannen utarbeider forslag til organisering, framdriftsplan og mandat for arbeidet og dette presenteres for fylkesutvalget i februar. Fylkesutvalget er styringsgruppe og til slutt skal klimaplanen vedtas i fylkestinget innen desember 2016.
12. Fylkestinget ber Fylkesrådmannen:
1:Å følge opp det positive arbeidet med gevinstrealisering med mål om å ytterligere øke kvaliteten i tjenestetilbudet til brukerne.
2:Fylkestinget ønsker videre en gjennomgang og analyse av organisasjonen for å se på mulig omprioriteringer og rasjonalisering.
3:Fylkesrådmannen utarbeider forslag til organisering og mandat for dette arbeidet.
Dette presenteres i Hovedutvalg for administrasjonssaker i første møtet i januar.
Fylkesutvalget skal være styringsgruppe og alle saker fremmes gjennom hovedutvalget for administrasjonssaker.

2. Budsjettets profil og fylkesrådmannens prioriteringar

Vidaregåande opplæring prioriterast i dette budsjettet. Strammare økonomiske rammer krev likevel strukturelle grep for å oppretthalde aktivitetsnivået. Alle fylkeskommunens område får strammare rammer i åra som kjem.

«Budsjett og økonomiplan 2016-2019» er ei vidareføring av det arbeidet som starta med langtidsprioriteringar (LTP) 2016-2019, der hovedufordringa for Telemark er å skape folkevekst og fleire arbeidsplassar. Det er forsøkt å vere så konkret og tydeleg i både prioritering av satsingsområde og tiltak at dokumentet kan fungere som:

- verktøy for politisk styring og prioritering
- målstyringsdokument for dei ulike avdelingane
- grunnlag for rapportering

Forslag til budsjett 2016 og økonomiplan 2016-19 bygger på rådet frå KS om at fylkeskommunane bør ha ein berekraftig økonomi og eit netto driftsresultat på 4 %.

Telemark fylkeskommune sin økonomiske situasjon er prega av høg lånegjeld. I dette ligg finansieringa for fleire nye skolar; ein heilt ny Skien vidaregåande skole, og utvidingar av Skogmo, Hjalmar Johansen og Porsgrunn vidaregåande skolar. I økonomiplanen ligg det også inne oppstart av arbeid med utviding av Bamble vidaregåande skole. Totalt er det budsjettert med nesten 900 mill. kr i investering i skoleanlegg i komande fireårsperiode.

Politisk leiing

For området politisk leiing føreslår fylkesrådmannen å legge inn ein budsjettreduksjon på 2 mill. kr. Politikkområdet har over fleire år hatt pengar att ved årets slutt. Fylkesrådmannen har i forslaget tatt omsyn til auka utgifter som følgje av utviding av fylkesutvalet etter at det nye fylkestinget vart konstituert.

Administrasjon

Vi er i ei tid der alle bør vere opptekne av klima og miljø. Politikarane i fylkeskommunen har bedt om at dette skal vere eit særskilt viktig tema når ein startar arbeidet med revidering av regional planstrategi. Som ei oppfølging av dette, også i budsjettet, er det lagd inn ein reduksjon på reise- og møteutgifter, fordelt ut over heile organisasjonen, på totalt 1 mill. kr i komande år. Det ligg godt til rette for å kunne gjennomføre mange fleire møte via nett- og videokonferansar.

Nokre endringar i stillingsbanken kom med i budsjettet siste år. Fylkesrådmannen tilrår i dette budsjettforslaget at stillingsbanken blir avvikla. Eit stramt budsjett tilseier at ein bør nytte fylkeskommunale midlar til primæroppgåver, og ikkje til eit relativt kostbart omstillingsverktøy, som stillingsbanken er. Det finst i dag andre ordningar som kan nyttast i samband med overtalige og oppseiingar.

I 2015 har 132 leiarar og 18 rekruttar gjennomført leiarutviklingsprogrammet «Veksthus», og 135 av desse har tatt eksamen ved Høgskolen i Lillehammer. Eit slikt viktig tiltak må førast vidare i organisasjonen, slik fylkesrådmannen og leiargruppa har fått klare ønske om.

Vidaregåande opplæring

Den politiske leiinga i fylkeskommunen har gitt sterke signal om at vidaregåande opplæring skal prioriterast. I dette budsjettforslaget er vidaregåande opplæring styrka med nesten 20 mill. kr i 2016.

Hausten 2015 vart inntaket til vidaregåande opplæring auka med om lag 130 fleire elevar enn i tidlegare anslag. Slike endringar blir ikkje kompenserte med statlege midlar, men må dekkjast opp gjennom eige budsjett. Dersom denne tendensen går vidare, blir dette ei stor utfordring i dei komande åra. Avdeling vidaregåande opplæring må ta ein ny runde på å kvalitetssikre anslag på kva som er i vente, sidan dette verkar kraftig inn på den totale ramma til Telemark fylkeskommune. Fleire lærekontraktar krev også ei større ramme for lærling- og bedriftstilskott samt opplæring av dei nye prøvenemndene som blir oppnemnde i 2016.

Når det gjeld vidaregåande opplæring, gir fylkesrådmannen nå eit klart signal om at det er naudsynt å sjå på strukturelle grep som både kan gi betre kvalitet til den enkelte elev og samstundes medføre ei effektivisering økonomisk.

Den største samanhengande digitaliseringsprosessen i vår organisasjon er innføring av «Visma FLYT Skole». Prosjektet er landsomfattande og har utspring i det nasjonale familjøet. Fylkesrådmannskollegiet er nå inne i prosjektet med håp om å få betre data på gjennomføring og konkrete data på gevinstrealisering ved full gjennomføring. Det har mykje å seie for heile organisasjonen at denne innføringa lukkast.

Telemark er ein av to fylkeskommunar i landet som framleis fullfinansierer PC-ordninga for alle elevar. Ut frå den raske digitale utviklinga nå, vil fylkesrådmannen bestille utgreiing av ei ny ordning der elevar kan nytte eige utstyr til skolearbeidet.

Tannhelsetenesta

Tannhelsetenesta har tatt mange gode grep over fleire år. Betring i tannhelsa til heile befolkninga skaper rom for å betre hjelp til dei som treng det mest. Profilen i dette budsjettet er å redusere noko på tilbodet til dei mange for å styrke tilbodet til dei få, det vil sei born med spesielle behov, samt eldre og langtidssjuke.

Regional utvikling

I framlegget til Statsbudsjett for 2016 har Telemark fått ein auke på 8,6 % i regionale utviklingsmidlar, medan landet totalt har fått ein reduksjon på 11 % i desse midla. Dette tek fylkesrådmannen som eit prov på at Telemark nyttar desse midla godt.

Hovudutfordringa for Telemark er å auke folketalet og skaffe fleire arbeidsplassar. I fylkestingsak 99/14 er det kvart år i økonomiplanperioden budsjettert med 2 mill. kr for å samordne arbeidet med å skape fleire arbeidsplassar og auka tilflytting til Telemark. Ved bruk av desse midla, saman med dei regionale

utviklingsmidla kan fylkeskommunen bidra til å legge til rette for ei framtidsretta næringsutvikling i samarbeid med andre aktørar i fylket.

Regional utvikling er skjerma for ytterlegare kutt utover dei allereie vedtekne 2 mill. kr i økonomiplanen for 2015-2018.

Politikarane har også meldt tydeleg at det arbeidet som regionalavdelinga ved idrettskonsulenten har gjort dei siste åra, har bidratt til meir pengar til idrettsarbeid, bygg og anlegg. I budsjettforslaget er det tatt inn midlar til ei ekstra fast stilling på dette området.

Areal og transport

Med ny busskontrakt i Grenland frå sommaren 2016 er kollektiviltbudet styrka, og det ligg godt til rette for å oppnå ei auke i passasjertall. Det er tydelige utfordringer knytt til vedlikehaldet av fylkesvegane, og derfor er det foreslått ei auke på 10 mill. kr i ramma til fylkesvegane. Satsinga på mjuke trafikantar og trafikktryggleiken held fram i 2016. Arbeidet med Bypakke Grenland kreve mykje ressursar i denne avdelinga.

Eit godt styringsverktøy

Fylkesrådmannen har håp om at budsjettdokumentet kan vere eit godt styringsverktøy for politisk leiing og ein nyttig reiskap til effektiv oppgåveløysing internt i eigen organisasjon. Medarbeidarar som opplever at dagleg arbeidsinnsats gir positive effektar i omgivnaden, vil også oppleve trivsel og arbeidsglede på jobb. Vi har håp om at det verdigrunnlaget fylkestinget slutta seg til i dokument for langtidsprioriteringar (LTP) skal kunne prege det arbeidet vi går inn i ny budsjettperiode med:

Modige – kunne prøve ut nye løysingar og dele røynsler med andre

Imøtekomande – få positive tilbakemeldingar frå våre brukarar

Truverdige – bli sett på som ein aktør som spelar ei viktig rolle i utviklinga av vår region

Skien, 26. oktober 2015

Evy-Anni Evensen
Fylkesrådmann

3. Nøkkeltal

2016 ¹		2019
172 157	ANTALL TELEMARKINGER Mengd telemarkingar vert forventa å veksa med om lag 3 200 personar i tida fram til 31. desember 2019. Det er forventa nedgang i dei yngste aldersgruppene. Det forventas om lag 200 færre 16-18 åringer i 2019. NB: Tala er svært usikre som følgje av auka innvandring	175 353
2,47 mrd.	TOTALE DRIFTSINNTEKTER Skatt og rammetilskott er frie middel fylkestinget sjølv kan disponera. Dei øvrige inntektene er i hovudsak direkte knytt til tenestene. Estimert inntektsnedgang i perioden følgjer av nedgang i tal på 16-18 åringer og omlegging av inntektssystemet.	2,46 mrd.
2,41 mrd.	TOTALE DRIFTSUTGIFTER Meir enn 5 av 10 kroner går i dette budsjettet til vidaregåande opplæring, medan nær 3 av 10 kroner vert brukt på veg og kollektivtransport.	2,35 mrd.
84,0 mill.	NETTO DRIFTSRESULTAT Netto driftsresultat framkjem som driftsinntekter minus driftsutgifter og netto finansutgifter. Eit positivt driftsresultat er ein føresetnad for å kunne eigenfinansiere investeringar og byggja opp fond.	103,3 mill.
3,4 %	DRIFTSRESULTAT I PROSENT AV DRIFTSINNTEKTER Den sentrale handlingregelen for fylkeskommunane seier at netto driftsresultat bør utgjera minst 4 % av inntektene. Dersom fylkeskommunen har ein sårbar økonomi i form av små disposisjonsfond, stort premieavvik og låg eigenfinansiering, bør driftsresultatet vera høgare.	4,2 %
278,6 mill.	DISPOSISJONSFOND Telemark fylkeskommune har disposisjonsfond i driftsrekneskapet på om lag 316 mill. kr. Av dette utgjer fond avsatt som motpost premieavvik om lag 160 mill. kr. Dette er ikkje nok til å dekke premieavviket på 205 mill. kr.	407,9 mill.
26,4 mill.	FOND TIL FRI DISPOSISJON FOR FYLKESTINGET Det meste av fondsmidlane er allereie disponert gjennom politiske vedtak. Berre om lag 18 mill. kr er til fri disposisjon for fylkestinget.	30,2 mill.
30 %	ANDEL EIGENFINANSIERING Dette nøkkeltalet fortel kor stor del av investeringane som vert finansiert ved egne midlar. Eit styrkt driftsresultat gjev rom for auka eigenfinansiering i økonomiplanperioden.	49 %
1,88 mrd.	INVESTERINGSGJELD Investeringsgjelda forventast å auka med 26 % i perioden. Auka skyldast i hovudsak byggjing av ny Skien vidaregåande skole.	2,38 mrd.
91 %	GJELDSGRAD Dette nøkkeltalet viser gjelda i prosent av driftsinntektene.	97 %


¹ Beholdningstall pr. 1.1.2016/inngang til økonomiplanperioden

4. Om styringsprosessen og styringsdokumenta

Styringsprosessen i Telemark fylkeskommune er eit kontinuerleg, samanhengande årshjul. Planlegginga av dei neste fire åra tar til med saka om langtidsprioriteringar (LTP) i juni, der ein bygger på årsrapporten frå året før.

I LTP-saka legg ein det strategiske grunnlaget for komande fireårsperiode. Mål, satsingsområde og endringar av dette blir definerte i denne saka. Budsjett og økonomiplan bygger på føringar gitt i sak om langtidsprioriteringar (LTP), og øvrige vedtak gjennom året. Budsjett og økonomiplan blir handsama i desember, og skildrar òg aktivitetar og konkrete tiltak for måloppnåing.

Årsrapporten blir laga i februar-mars. Den beskriv resultat og grad av måloppnåing i året som har gått, og synleggjer behovet for endring. Samanhengande styringsdokument inneber at alle styringsdokument er baserte på eit felles strategisk grunnlag og på gjennomgåande mål og satsingsområde, slik det er illustrert under:



Figur 1. Samanheng mellom styringsdokumenta.

5. Økonomiske målsettinger

Hovedutfordringa i økonomiplanperioden er å tilpasse driftsbudsjettet til dei reduserte rammene, som følgje av store investeringar og reduserte inntekter. Målsettinga er å skape ein berekraftig økonomi for Telemark fylkeskommune.

5.1 Resultatmål

Følgjande resultatmål for området økonomi vart vedtatte i sak om langtidsprioriteringar (LTP) for 2016-2019, fylkestingssak 31/15.

Utfordringar	Resultatmål
Berekraftig økonomi	<ul style="list-style-type: none">Netto driftsresultat på minst 4 % innan utgangen av 2019Gjennomsnittleg eigenkapitalfinansiering på 42 % i komande fireårs periodeAuke andelen av disposisjonsfond som er til fri disposisjon for fylkestinget til 20 mill. kr innan utgangen av 2016Avsetting av positivt premieavvik til premieavviksfond (opp trapping)Avvik frå budsjett på maksimalt 1 %


5.2 Prioriterte satsingsområde og tiltak

I LTP 2016-2019 er det angitt satsingsområde som skal prioriterast i budsjettperioden. For kvart satsingsområde er det vedtatt tiltak for 2016.

Berekraftig økonomi

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er den viktigaste indikatoren på ein sunn kommuneøkonomi, og fylkesrådmannen legg til grunn at dette er det viktigaste økonomiske målet å oppnå i budsjettperioden. Tilrådd nivå på netto driftsresultat vart i 2014 auka frå 3 til 4 % for fylkeskommunane. Dette kjem av at tilrådd nivå ikkje var justert opp etter at fylkeskommunane overtok ansvaret for ein stor del av tidlegare riksvegar i 2010. Figuren på neste side viser utvikling i netto driftsresultat frå 2014 til 2019. Gjennomsnittlig netto driftsresultat i økonomiplanperioden er på 3,4 %, og er under målsettinga.



Figur 2. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene rekneskap 2014, justert budsjett 2015 og økonomiplan 2016-2019.

Netto driftsresultat viser årets driftsoverskott etter at renter og avdrag er betalte, og er eit uttrykk for kva fylkeskommunen har til disposisjon til avsettingar og investeringar.

Tal i hele tusen

	2016	2017	2018	2019
Netto driftsresultat	84 000	70 878	81 178	103 265
Disponert slik:				
Overført til investeringsrekneskapen	55 000	42 500	51 000	56 000
Netto avsetting til fond i drift (inkl. bundne fond)	29 000	28 378	30 178	47 265
Sum	84 000	70 878	81 178	103 265

Auka eigenkapitalfinansiering av investeringane

Eit historisk sett høgt investeringsnivå og aukande grad av lånefinansiering har ført til at gjelda i kommunesektoren har auka kraftig. Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) skriv i sin rapport frå april 2015 at nettogjelta auka frå 20 % av inntektene i 2007 til 47 % ved utgangen av 2014. Utvalet peikar også på at rentenivået for tida er særslig lågt, og at gjeldsoppbygginga bidrar til at kommunesektorens økonomi blir meir sårbar for renteauke.


Telemark fylkeskommune si lånegjeld er også høg og aukande. Auka eigenfinansiering vil bremse veksten i lånegjelda og finansutgiftene. Fylkestinget vedtok i fjor ein investeringsstrategi for perioden 2015-2024, der det langsigkige målet er 50 % eigenfinansiering av investeringane. Gjennomsnittlig eigenfinansiering er budsjettet til 42 % i åra 2016-2019.

Fondsoppbygging

For å ha eit økonomisk handlingsrom bør fylkeskommunen ha nokre frie midlar på fond, til politiske prioriteringar og uføresette hendingar gjennom året. Dette er spesielt viktig når driftsrammene er stramme og inntektene er usikre. Totalt disposisjonsfond er på 278,6 mill. kr. Det meste av desse midlane er allereie disponert gjennom politiske vedtak. Berre 26,4 mill. kr er til fri disposisjon for fylkestinget. Detaljert samansetting av fonda er vist i vedlegg 10.

Fylkesrådmannen meiner at det er nødvendig å avsette til disposisjonsfond i alle åra i budsjettperioden. Figuren nedanfor viser budsjettet avsetting til disposisjonsfond og til fri disposisjon for fylkestinget fra 2016 til 2019.

Tal i hele tusen



Figur 3. Budsjettet netto avsetting til disposisjonsfond og avsetting til fond til fri disposisjon for fylkestinget 2016-2019.

Det er budsjettet med ein liten netto avsetting til fond for fri disposisjon for fylkestinget i 2016 og dei neste åra i økonomiplanperioden. Avsettingane er vist i tabellen nedenfor.

Tal i hele tusen

	2016	2017	2018	2019
Premieavvik	27 400	27 400	29 400	31 400
Ekstremvær	5 000	0	0	0
Avsetning til investeringsfond KLP i drift	2 500	2 500	2 500	2 500
Bruk av investeringsfond (KLP)	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Forskottering E134 Saggrænda - Gvammen	-15 000	0	0	15 000
Bruk av fond til spesielle formål	-2 969	-719	-719	-719
Til fri disposisjon	213	1 313	1 113	1 200
Netto avsetting til disposisjonsfond	14 644	27 994	29 794	46 881

I 2016 er det også budsjettet med 5 mill. kr til eit fond for å møte ekstra utgifter ved ekstremvær. I 2015 gjorde flommen Petra skader for om lag 10 mill. kr. Det er ikkje lagt inn midlar i driftsbudsjettet til areal og transport til å dekkje slike hendingar.

Også ubundne investeringsfond må aukast for å kunne dekkje budsjettet eigenkapitalintskot i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Det er avsett 2,5 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden til dette.

Vedtak om forskottering knytt til E134 Saggrenda-Gvammen er gjort i fylkestingssak 49/15. 15 mill. kr blir finansiert frå disposisjonsfond i 2016 med tilbakebetaling frå Statens vegvesen seinast i 2019.

Premieavvik

Premieavviket har opphav i at det i 2002 vart innført eit regelverk som gjer at det blir betalt meir i pensjonspremie enn det som blir belasta i rekneskapen som årleg pensjonsutgift. Dette har ført til at det gjennom mange år er betalt inn meir i premie til pensjonsleverandørane enn det som er utgiftsført og belasta rekneskapen. Delar av pensjonskostnaden (premieavviket) blir med andre ord skuva fram i tid, og kjem først til utgiftsføring i seinare år.

Telemark fylkeskommune har eit akkumulert pensjonspremieavvik som ved utgangen av 2014 var på 205 mill. kr. Dette er utgifter som skal belaste drifta over dei neste åra. For å møte desse framtidige utgiftene har Telemark fylkeskommune over fleire år sett av midlar til premieavviksfond. Pr 31.12.14 var fondet på 126 mill. kr. Dette er midlar som skal brukast til å finansiere utgiftsføring av premieavviket i drifta. Fondet må aukast med 79 mill. kr frå 31.12.14 for å få fullt samsvar mellom akkumulert premieavvik og fondsavsetting.

Budsjettet inntektsføring av årets premieavvik i 2016 utgjer 48,7 mill. kr. Av desse er 27,4 mill. kr avsett til premieavviksfond. Dette inneber at differansen mellom premieavviksfondet og akkumulert premieavvik aukar med ytterlegare 21,3 mill. kr i 2016.

Det er lagt opp til ei opptrapping av avsetting til premieavviksfond i økonomiplanperioden, og avsettinga i 2019 er 4 mill. kr høgare enn i 2016.

Overhalde vedtekne budsjettrammar

Å tilpasse drifta til nye, strammare rammer vil vere ei stor utfordring i heile økonomiplanperioden. Heile organisasjonen vil få reduserte rammer, og verknadene av kutta er omtalte under dei einskilte rammeområda. Dette krev:

- Sette krav til at driftsområda må dekke inn meirforbruk innanfor eigen ramme
- Aktiv oppfølging og politisk rapportering gjennom året av vedtekne innsparingstiltak
- Planar for korleis drifta skal kome i balanse ved prognose på rammeområde som viser budsjettavvik over ein prosent rapporterast i tertialrapportane
- Revidere reglement for resultatvurdering ved å knytte reglementet tettare opp til realiserte gevinstar
- Systematisk arbeid med effektivisering og gevinstrealisering

Etablere felles forståing og innsikt i heile organisasjonen for den økonomiske situasjonen

- Fortlopende informasjon i ulike interne fora om den økonomiske situasjonen, tett dialog og involvering av tilsette og tillitsvalde
- Stor grad av involvering av fylkesrådmannens leiargruppe i økonomisk oppfølging gjennom året
- Bruk av kommunikasjonsavdelinga for å sikre god og forståeleg økonomisk kommunikasjon

6. Hovudtal og økonomiske rammevilkår

Telemark fylkeskommune står overfor ein periode med reduserte rammer til drift. Årsaka er både reduserte inntekter og auka finansutgifter som følgje av store investeringar.

6.1 Driftsrammer 2016-2019

Tabellen nedanfor viser korleis driftsmidlane er fordelt på rammeområda. Økonomiske rammer for områda legg til grunn mål- og budsjett dokument for 2015-2018. Rammene er korrigerte for politiske vedtak gjennom året. Det er gitt kompensasjon for løns- og prisvekst på om lag 41,1 mill. kr i tillegg til 20,6 mill. kr i auka pensjonssats for heile fylkeskommunen. Lønnsoppgjøret i 2015 blei lavere enn budsjettet. Det var budsjettet med eit lønnsoppgjer i 2015 på 3,3 %, mens den faktiske lønsveksten blei på 3 %. Dette medfører at 14,5 mill. kr kan omprioriterast til andre formål. For budsjett 2016 er det lagt til grunn en lønns- og prisvekst (deflator) på 2,7 %.

Tal i heile tusen

	2015	2016	2017	2018	2019
1 Politisk styring og leiing	30 322	27 111	27 151	26 151	26 151
1 Styring, adm. og fellesstenester	130 113	131 943	127 403	124 403	124 903
2 Vidaregåande opplæring	927 019	966 628	959 189	949 887	926 087
3 Tannhelsetenesta	64 873	67 738	67 638	66 638	66 638
4 Regional utvikling	76 387	83 568	83 793	81 293	81 293
5 Areal og transport	497 201	513 015	501 015	499 015	497 015
8 Pensjon og lønsavsetting	103 517	81 061	91 446	93 446	95 446
Sum forbruk drift	1 829 432	1 871 064	1 857 635	1 840 833	1 817 533

Tabellen over viser at det blir mindre midlar til drift i åra som kjem. Innsparingane er omtalt i eige avsnitt nedanfor. Endringar i rammene som blei vedtatt i fylkestinget desember 2015 er vist i vedlegg 9. Tidligare vedtatte endringar i driftsrammene er vist i vedlegg 8.

Innsparinger

Innsparingsplanen som blei utarbeid i Mål- og budsjett dokument 2015-2018 er lagt til grunn for reduksjon av rammene.

I behandlinga av LTP for 2015-2018 vedtok fylkestinget ein innsparingsplan for reduksjon av driftsrammene på 60 mill. kr innan 2018. I behandlinga av budsjett og økonomiplan for 2015-2018 vedtok fylkestinget å auke dei

økonomiske rammane til områdene, slik at innsparingsplanen blei på 46,9 mill. kr innan 2018. Auka rammer ble finansiert ved bruk av fond.

Fordeling av auke og innsparing i økonomiplan 2015-2018 er vist i tabellen under. Positive tal er auke og negative tal er innsparing.

Tal i heile tusen

	2015	2016	2017	2018
1 Poltisk styring og leiing				
1 Styring, adm. og fellesetnester	1 000	-2 000	-2 000	-5 000
2 Vidaregående opplæring	-14 550	-24 813	-27 813	-30 813
3 Tannhelsetenesta	-1 000	-2 000	-3 000	-4 000
4 Regional utvikling	8 210	2 900	2 900	400
5 Areal og transport *)	-	-7 500	-7 500	-7 500
Netto innsparing	-6 340	-33 413	-37 413	-46 913

*) Auke som oppfølging av statusbudsjett 2015 på 10 mill. kr i 2015-17 er ikkje med i tabellen.

I LTP 2016-2019 vedtok fylkestinget ein auke i innsparingane på å ytterlegare 20 mill. kr fram mot 2019.

Fylkestinget har vedtatt å auke rammene på vidaregående opplæring. Det er funne rom for ei rekke nye utgifter i økonomiplanen. Desse utgiftene er i stor grad finansierte ved å foreta omprioriteringar innanfor gjeldande ramme og bruk av fond. Tabellen nedanfor viser netto innsparing eller auke på kvart rammeområde. Positive tal er auke og negative tal er innsparing.


Tal i heile tusen

	2016	2017	2018	2019
1 Poltisk styring og leiing	3 147	3 607	4 107	4 107
1 Styring, adm. og fellesetnester	-2 376	2 164	2 164	2 164
2 Vidaregående opplæring	-22 230	-19 900	-14 440	9 360
3 Tannhelsetenesta	2 899	1 999	1 999	1 999
4 Regional utvikling	-2 753	-3 753	-3 753	-3 753
5 Areal og transport	-9 780	2 220	-5 780	-3 780
Netto innsparing/ auke	-31 093	-13 663	-15 703	10 097

Netto innsparing er vist med positivt fortegn, netto auke er med negativt fortegn.

Figuren under viser samla netto innsparing vedtatt i Mål- og budsjett 2015-18 og vedtatt budsjett og økonomiplan 2016-19.

Tal i heile tusen



Figur 4. Samla innsparing Mål- og budsjett 2015-18 og vedtatt økonomiplan for 2016-19.

6.2 Finansiering av drifta

Rammetilskudd og skatt er fylkeskommunens frie inntekter. Tabellen nedanfor viser utvikling i frie inntekter og hvordan desse nyttas til å finansiere drifta. Frie inntekter skal og dekke renter, avdrag, avsettning til fond og overføring til investering. Nærmore omtale av dei frie inntektene følgjer i dette kapitlet.

Tal i heile tusen

	2015	2016	2017	2018	2019
Skatt på inntekt og formue	853 657	879 933	876 629	876 364	876 457
Ordinært rammetilskott	1 143 669	1 145 309	1 132 057	1 131 126	1 125 592
Andre generelle statstilskott *)	9 617	7 819	9 931	11 377	12 740
Sum frie disponibele inntekter	2 006 943	2 033 061	2 018 617	2 018 867	2 014 789
 Renteinntekter og utbytte	11 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Renteutg., provisjon og andre fin.utg.	54 942	45 151	50 986	52 528	51 938
Avdrag på lån	72 729	64 133	73 682	80 893	80 618
Netto finansinnt./utg.	-116 671	-99 284	-114 669	-123 421	-122 556
 Bruk av disposisjonsfond	-7 160	-5 087	-5 087	-5 087	
Avsettning til rentebufferfond					15 000
Avsettning til investeringsfond		2 500	2 500	2 500	2 500
Til ubunden avsettning	15 000	10 300	6 400	6 200	1 200
Netto avsettning	7 840	7 713	3 813	3 613	18 700
 Overført til investeringsbudsjettet	53 000	55 000	42 500	51 000	56 000
Til fordeling drift	1 829 432	1 871 064	1 857 635	1 840 833	1 817 533

*) Rentekompensasjon for veg og skole inngår i andre generelle statstilskott.

6.3 Rammer gitt i statsbudsjettet

Nye anslag for kommunesektorens inntekter og utgifter i 2016

Statsbudsjettet legg opp til ein realvekst for fylkeskommunane på 0,5 mrd. kr frå 2015.

Dette tilsvrar ein realvekst på 0,8 %. Veksten er ulikt fordelt mellom fylkeskommunane. For Telemark fylkeskommune inneber statsbudsjettet ein realnedgang i inntektene på 1,5 %. Løns- og prisvekst er satt til 2,7 %.

Kva er realveksten meint å dekke?

Av veksten i frie inntekter til fylkeskommunane er 0,2 mrd. kr knytt til behovet for fornying og opprusting av fylkesvegane. 0,1 mrd. kr er knytt til auke i pensjonskostnader, mens 0,2 mrd. kr er meint til å auke fylkeskommunens handlingsrom.

Telemark fylkeskommune får ein realnedgang i inntektene, og får derfor redusert handlingsrom i åra som kjem. Den nominelle auken i inntektene er på 26,1 mill. kr i 2016, i forhold til opphaveleg budsjett 2015. Den nominelle veksten skal dekke løns- og prisauke, før ein kjem frem til realveksten. For Telemark fylkeskommune er løns- og prisauke i 2016 anslått til 50,3 mill. kr. Pris- og lønsvekst for 2016 er 2,7 %.

Fylkesrådmannen har funne rom for å auke budsjettet til veg med 10 mill. kr i 2016.

Inntektene

Hovuddelen av inntektene til fylkeskommunen består av skatt og rammetilskott. Rammetilskottet kjem i statsbudsjettet, og er berekna ved hjelp av eit eige inntektssystem. Dette systemet vart endra i fjor, og det gav store negative utslag for Telemark fylkeskommune. I tabellen nedanfor er det vist korleis inntektene er satt saman i 2016, samanlikna med opphaveleg budsjett for 2015.

Tal i hele tusen

	2015	2016	Endring
Innbyggjartilskott	934 690	951 687	16 997
Saker med særskilt fordeling	78 393	95 111	16 718
Utgiftsutjamning	-37 281	-64 548	-27 266
Overgangsordning ny kostnadsnøkkel	48 199	37 888	-10 311
Skjønnstilskott	13 500	14 100	600
Sum rammetilskott	1 037 501	1 034 238	-3 263
Skatt og inntektsutjamning	959 825	991 004	31 179
Sum frie inntekter	1 997 326	2 025 242	27 916

I høve til opphaveleg budsjett 2015 får Telemark fylkeskommune ein inntektsauke på om lag 28 mill. kr i 2016.

Innbyggjartilskottet er eit likt beløp pr. innbyggjar for alle fylkeskommunane. For 2016 er dette beløpet på kr 5 278 pr. innbyggjar. Deretter skjer ein omfordeling mellom fylkeskommunane basert på ein rekke kriterier. Desse er omtalt nedanfor.

Saker med særskilt fordeling

Telemark fylkeskommune får ein auke på 16,7 mill. kr knytt til saker med særskilt fordeling. Dette er frie midlar for fylkeskommunen, men auke er grunna i ulike enkeltsaker og satsingar. I 2016 er auken i saker med særskilt fordeling samansett slik:

Tal i hele tusen

	2015	2016	Endring
Opprusting og fornying av fylkesvegnettet	54 711	66 275	11 564
Tunnelsikkerheit	1 914	1 966	52
Fagskoler	14 962	19 981	5 019
Kompensasjon endring inntektssystem	6 806	6 889	83
Sum	78 393	95 111	16 718

Utgiftsutjamning

Hovudendringa i inntektssystemet i 2015 var ei oppdatering av kostnadsnøklane basert på nye analysar og datamateriale. Dette gjev endring i utgiftsutjamninga, og for Telemark fylkeskommune er konsekvensen av denne endringa betydeleg. I 2015 ble inntektene 72 mill. kr lavere enn året før på grunn av denne utjamninga. I år er trekket på ytterlegare 27 mill. kr. Heile 12,7 mill. kr av endringa i utgiftsjamning frå i fjor er knytt til færre 16-18 åringer i forhold til landsgjennomsnittet. 5,3 mill. kr er knytt til færre innbyggjarar i aldersgruppa 6-34 år, og 2,5 mill. kr er knytt til færre søkerar til høgkostnads utdanningsprogram. 7,6 mill. kr gjeld fylkesvegar og andre faktorar knytt til transport.

Overgangsordning


Det er berekna at Telemark fylkeskommune vil tape 61,5 mill. kr på omlegginga av inntektssystemet. For at fylkeskommunen skal kunne tilpasse drifta til inntektssvikten er det innført ein overgangsordning på fem år. I 2016 utgjer dette 37,8 mill. kr. I 2017 vil dette beløpet vere 12,6 mill. kr lågare, og i 2019 vil overgangsordninga vere over.

Skatt og inntektsutjamning

Fylkeskommunar med skatteinntekt under landsgjennomsnittet blir kompenserte med 87,5 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Telemark er eit skattesvakt fylke og får derfor kompensasjon for dette i form av inntektsutjamning. I 2016 utgjer inntektsutjamninga 111 mill. kr. Berekna auke i skatteinntektene er på 3,1 %, eller 26,3 mill. kr, samanlikna med opphaveleg budsjett i 2015.

Utvikling i rammetilskott

Nedanfor er vist prognose for utvikling i rammetilskott i perioden 2015-2019. Hovudårsaka til den negative utviklinga er omlegging av inntektssystemet for fylkeskommunane.

Tal i hele tusen

Figur 5. Rammetilskott før inntektsutjamning i åra 2015-2019. Tal for 2015 er basert på oppdaterte tal i revidert nasjonalbudsjett. 2016-2019 samsvarar med framlagt budsjett.

Usikkerheit i inntektene

Budsjetterte inntekter bygger på ein rekke føresetnader, som er usikre. Dette gjeld først og fremst utvikling i folketal og anslag på realvekst.

Prognosene for utvikling i folketal er basert på Statistisk sentralbyrå si framskriving «middelalternativet», både for landet og Telemark. Ved å bruke framskriving blir inntektene lågare enn om folketal pr. 1.7.15 hadde vore lagt til grunn. Både rammetilskottet og skatteinntektene blir påverka av svakare folketsutvikling i Telemark enn på landsbasis. Inntektene er om lag 20 mill. kr lågare i 2019 som følgje av framskriving av folketalet.

Det er lagt inn ein moderat realauke på landsbasis i økonomiplanperioden på 0,6 %. Samanliknbar realvekst i 2016 er 0,8 %. Utan realvekst ville frie inntekter vore 35 mill. kr lågare i 2019.

6.4 Finansutgifter

Gjelda til fylkeskommunen er forventa å bli 91 % av driftsinntektene i 2016. Renteutgifter og avdrag utgjer 109,3 mill. kr i 2016 og aukar til 132,6 mill. kr i 2019. Rentekompensasjonsordning for fylkesvegar og skolebygg dekker noko av renteutgiftene. Utvikling i renter, avdrag og lånegjeld er vist i neste tabell.

Tal i hele tusen

	2015	2016	2017	2018	2019
Renter					
Renter på lån	54 942	45 151	50 986	52 528	51 938
Rentekompensasjon veg *)	-9 617	-7 819	-8 631	-8 777	-10 140
Rentekompensasjon skole	-	-	-1 300	-2 600	-2 600
Renteinntekter	-11 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Sum renter	34 326	27 332	31 055	31 151	29 198
Avdrag					
Avdrag etter gj.sn. levetid anleggsmidla	72 729	64 133	73 683	80 893	80 618
Gjeldsutvikling					
Lånegjeld 31.12. kvart år **)	1 877 230	2 229 617	2 418 675	2 387 141	2 377 933

*) Auka årleg ramme på 113 mill kr ligg til grunn for berekning av rentekompensasjon veg.

**) Lånegjeld 31.12.2015 er justert etter forskyvningar vedtekne i 2015.

Budsjetterte renteutgifter for perioden 2016-19 er berekna ut frå ei rentesats på 2,2 %. Rentenivå i budsjettet er basert på prognose frå gjeldsforvaltar med et påslag på 0,2 prosentpoeng. Pålaget tar høgde for at fylkeskommunen kan kome til å inngå fasterentelån i økonomiplanperioden. Fylkeskommunen sitt finansreglement sett krav om at 1/3 av gjeldsporteføljen skal ha fastrente.

Rentenivået er historisk lågt og det er usikkert kor lenge renta er så låg. Dersom budsjett var basert på høgt scenario frå finansforvaltar ville renteutgiftene vore 10,3 mill. kr høgare i 2016 og 37,8 mill. kr høgare i 2019. Høgt scenario aukar frå 2,7 % i 2016 til 3,8 % i 2019.

Renteutgifter og rentekompensasjon er lågare enn i budsjett og økonomiplan for 2015-18 som følgje av lågare rentenivå. Rentekompensasjon for fylkesvegar er nytt fullt ut. Ramma for Telemark fylkeskommune er årleg 113 mill. kr

7. Investeringsprogram

Investeringsstrategien for komande periode er svært ambisiøs, med fleire store skoleutbyggingar og betydelege investeringar til veg. Store delar av investeringane er finansierte med låneopptak. Driftsinntektene skal kvart år dekke auka renter og avdrag, og legg beslag på ein aukande del av fylkeskommunens inntekter.

I sak om langtidsprioriteringar (LTP) 2015-2018, fylkestingssak 34/14, vart investeringsstrategi for 2015-24 vedtatt. Investeringsprogrammet er ein kombinasjon av konkrete tiltak og rullerande rammer. Prioriteringar av investeringar er grunngitte ut frå mellom anna politiske vedtak, retningsgivande planar, regelverk og økonomiske omsyn.

7.1 Endringar i investeringsprogrammet

Nedanfor visast ei oppsummering av endringar i investeringsprogrammet.

- Auka ramme fylkesvegar med 15 mill. kr i 2016 og 4 mill. kr i 2017 som følgje av auka ramme for rentekompensasjonsordninga. Disponering av auka investeringsramme er omtalt i eigen politisk sak til fylkestinget hausten 2015. Forslaget i saka er innarbeid i budsjettet.
- Fv. 359 Kaste – Stoadalen er ikkje innarbeid i budsjettet. Forslag om bompengeprosjekt og auke av fylkeskommunens andel i prosjektet er lagt fram i eigen politisk sak hausten 2015.
- Ny forskotering til E134 Sagrenda – Gvammen ble vedteke i fylkestingssak 49/15. Utlån til Statens vegvesen finansierast ved bruk av fond.
- Forventa inntekt for sal av Klosterskogen er justert ned med 11,5 mill. kr som følgje av ny takst.

7.2 Finansiering av investeringar

Investeringsprogram for perioden 2016-19 har ei eigenfinansiering på 42 %. Eigenfinansiering er samansett av overføring frå drift og meirverdiavgiftskompensasjon. I tillegg kjem forventa inntekt ved sal av bygg.

Tabellen på neste side viser korleis investeringane er finansiert.

Tal i hele tusen

	2016	2017	2018	2019
Overføring fra drift	55 000	42 500	51 000	56 000
Mva-kompensasjon investering	109 148	93 959	36 741	24 590
Sal av bygg	-	48 500	68 000	
Bruk av fond Eigenkapitalinnskott KLP	2 500	2 500	2 500	2 500
Bruk av fond til utlån E134	15 000			
Refusjon frå SVV forskottering E134		45 000		15 000
Bruk av ubrukte lånemidler				
Nye låneopptak	416 520	262 741	49 359	71 410
Sum finansiering	598 168	495 200	207 600	169 500
Andel eigenfinansiering	30 %	38 %	76 %	49 %
Andel eigenfinansiering i 4-årsperioden				42 %

I saka om langtidsprioriteringar (LTP) er mål for gjennomsnittlig eigenfinansieringsgrad satt til 42 %. Målet er nådd i vedtatt budsjett med 42 % eigenfinansiering for perioden 2016-19.

All mva-kompensasjon knytt til investeringsprosjekter er med å finansiere investeringsprogrammet. Mva-kompensasjon er berekna på grunnlag av erfaringstal innanfor kvart område.

Sal av Klosterskogen ligg inne i 2017, mens skolebygga Prestejordet og Brekkeby ligg inne i 2018. Sal av bygg er ei følgje av utbygging på Skogmo og Hjalmar Johansen vgs. og ny Skien vgs. på Klosterøya.

I 2014 og 2015 har fylkeskommunen forskotert for bygging av E134 ved Grunge kyrkje. Refusjon frå Statens vegvesen er venta i 2017. Nytt vedtak om forskottering knytt til E134 Saggrenda-Gvammen er gjort i fylkestingssak 49/15. 15 mill. kr blir finansiert frå disposisjonsfond i 2016 med tilbakebetaling frå Statens vegvesen seinast i 2019.


7.3 Prioriterte investeringstiltak

Investeringsprogram for 2016-19 er fordelt på område som vist i tabell og figur under.

Tal i hele tusen

	2016	2017	2018	2019
Utstyr skole	3 468	3 000	3 000	3 000
Utstyr tannhelse	4 000	2 000	2 000	2 000
Utstyr IT	4 000	4 000	4 000	4 000
Fylkesvegar	164 700	116 500	117 500	113 000
Bygg	404 500	367 200	78 600	45 000
Sum investering anleggsmidlar	580 668	492 700	205 100	167 000
Utlån E134 Saggrenda - Gvammen	15 000			
Eigenkapitalinnskott KLP	2 500	2 500	2 500	2 500
Sum investeringsprogram	598 168	495 200	207 600	169 500

Tal i hele tusen



Figur 7. Fordeling av budsjetterte investeringar på områda bygg, fylkesvegar og utstyr i åra 2016-2019.

Investeringstiltaka er omtalte nedanfor. Investeringsprogram for vegar og bygg er vist i tabellar med fordeling på område eller prosjekt.

Utstyr skolane

Det er lagt inn 3 mill. kr til undervisningsutstyr og utskifting av større utstyr på skolane. I 2016 er i tillegg 0,5 mill. kr overført fra investeringsbudsjettet i 2015. Investeringsbehov knytt til å sikre helse, miljø og tryggleik i

undervisninga har høgste prioritet. Dernest er det prioritert investeringar for forsvarleg undervisning ut frå krav i opplæringslov og av omsyn til fagleg innhald. Fylkesrådmannen prioriterer tiltak ut frå innmelde behov frå skolane.

Utstyr tannhelse

I tillegg til årlege budsjettmidlar på 2 mill. kr blir det overført 2 mill. kr frå 2015 til 2016. Tannhelse prioritérer å betre lokala for Kragerø tannklinik. Arbeidet er venta gjennomført i 2016.

Utstyr IT

Det er sett av ei årleg ramme på 4 mill. kr til opprusting av serverpark, infrastruktur og kjøp av nye fagapplikasjonar. I 2016 vil trådlaus teknologi, fornying av tilsette-portal og endringar i fleire fagapplikasjonar bli prioritert.

Fylkesvegar

Konkretisering av investeringstiltaka knytt til dei ulike programområda er vist i tabellen under. Årleg fordeling er noko justert i forhold til vedtatt investeringsstrategi, men er i tråd med vedtatt total investeringsramme. Fylkeskommunen nyttar her rentekompensasjonsordninga fullt ut. For Telemark er ramma 113 mill. kr.

Tal i heile tusen

	2016	2017	2018	2019
Bypakke Grenland	84 400	53 000	53 000	
Større prosjekt, utbetring, etterslep	5 500	18 500	18 500	
Gang- og sykkelvegar	19 000	15 000	22 000	
Trafiksikkerheitstiltak	17 000	15 000	15 000	
Miljø- og servicetiltak	500	1 000	1 000	
Kollektivtiltak og universell utforming	1 500	4 000	2 000	
Grunnverv og planlegging	11 000	6 000	6 000	
Infrastruktur regional utvikling	25 800	4 000		
Ufordelt investeringsramme				113 000
Sum investering fylkesvegar	164 700	116 500	117 500	113 000

Investeringsramme til fylkesvegnettet er vedtatt i fylkestingssak 34/14, LTP 2015-18. I saka vart hovudferdselsårer, skolevegar, kollektivknutepunkt, effektivisering av transportsystemet og styrking av byar og tettstader prioritert.

Ramma i 2016 er høgare enn 2017 og 2018. Årsaka er forskyving av prosjekt. Forskyving frå 2015 til 2016 utgjer 54,9 mill. kr, i hovudsak grunna meir omfattande planprosessar enn føresett.

Ramma for 2019 er ikkje fordelt, fordi det er vedtatt eit investeringsprogram i samband med ATP-Telemark for perioden 2015-18. Dette blir rullert kvart fjerde år i tett samarbeid med kommunar og regioner. For investeringsprogrammet 2019-2022 ligg det nokre føringer. I samband med behandling av Bypakke fase 1 har fylkeskommunen bunde seg til å investere 53 mill. kr årleg fram til 2025. Dette er ein auke på 3 mill. kr årleg

som følgje av prisjustering, vedtatt i fylkestingssak 33/15. Fylkeskommunens bidrag er dermed auka frå 500 til 530 mill. kr. I tillegg pågår ein prosess knytt til ffylkesveg 359 Kaste – Stoadalen. Hausten 2015 vil saka bli handsama politisk, og fylkeskommunens bidrag aukar frå 90 til 140 mill. kr i 2015-kr. Dersom prosjektet blir godkjent som bompengerprosjekt, vil det medføre endringar i investeringsprogrammet.

Bygg

Investeringsprogram for bygg er vist i neste tabell. Budsjett for åra før 2016 er vist i eigen kolonne. Budsjett for 2016 har i seg forskyvningar på 42,6 mill. kr frå 2015 som følje av nye prognosar i økonomirapport for 2. terital 2015.

Tal i heile tusen

	Før 2016	2016	2017	2018	2019
Ombygging/ nybygg	-				
Ny Skien vgs., Klosterøya	68 033	187 400	308 900	53 600	
Hjalmar Johansen vgs.	8 517	54 200	17 100		
Skogmo vgs.	30 850	96 000	17 000		
Branntiltak Fylkeshuset	1 000	1 000			
Oppgradering brann og tekn.anlegg	6 000	13 600	8 000	8 000	8 000
Universell utforming	580	4 000	2 000	2 000	2 000
Porsgrunn vgs. oppgradering	2 000	28 000			
Tilpassing endra studietilbod	-	6 000			
Bamble vgs. samlokalisering	-		2 000	15 000	33 000
Energitiltak	3 500	14 300	12 200		
Arealreduserande tiltak skolar				2 000	
Sum investering bygg	120 480	404 500	367 200	78 600	45 000

Total økonomisk ramme for heile prosjektets levetid er vist i neste tabell.

Tal i heile tusen

	Prosjektperiode	Prosjektramme
Ny Skien vgs. Klosterøya	2013-18	617 900
Ombygging Hjalmar Johansen vgs.	2014-17	79 817
Omygging Skogmo vgs.	2014-17	143 850
Oppgradering brann og tekn.anlegg	Rullerande *)	8 000
Universell utforming bygg	Rullerande *)	2 000
Porsgrunn vgs. oppgradering	2015-16	30 000
Tilpassing endra studietilbod	2016	6 000
Bamble vgs. samlokalisering	2017-19	50 000
Energitiltak	2015-17	30 000
Arealreduserande tiltak skolar	2019-20	5 000

*) Rullerande prosjekt får ny tildeling kvart år. I oversikta er prosjektramme lik ny årsramme.

Planlegging av Skien vgs., Klosterøya er godt i gang. Forprosjektet skal vere avslutta innan midten av juni 2016. Det er inga endringar frå framdriftsplanen med omsyn til slutt dato for prosjektet; sommaren 2018.

Konkurranse om utbygging av Hjalmar Johansen og Skogmo vidaregåande skole vart utlyst tidleg i 2015. For Skogmo vidaregåande skole vart Skanska Norge AS vald som hovudentreprenør. Endeleg skisseprosjekt med tilhørande pris blir lagt fram for politisk handsaming i desember 2015. Framdrifta i prosjektet følgjer tidlegere planer, og skoleleiinga og dei tilsette er i stor grad involvert i samarbeidet. Planlagd og forventa byggestart er i månadsskiftet februar-mars 2016, med ferdigstilling av prosjektet sommaren 2017. Utbygginga har medført behov for større areal, og det er erverva tilleggsareal. Utvidinga kravde ein planprosess med ny reguleringsplan for skoleområdet, dette er nå gjennomført.

For utbygginga ved Hjalmar Johansen vgs. vart Veidekke AS vald som hovudentreprenør. Samarbeidet er igangsett med monaleg deltaking frå brukargruppene. Prosjektet er berekna ferdigstilt sommer 2017.

For alle dei omtalte skoleutbyggingane pågår prosjektering og samspele undervegs med mål om gjennomføring innanfor planlagde budsjett.

Oppgradering av brannvern og teknisk anlegg er avslutta på Kragerø og Rjukan vgs. i 2015. På grunn av ressursmangel er attverande prosjekt på Bamble, Porsgrunn og Nome vgs. utsette til 2016. Det er gjort eit kartleggingsarbeid over naudsynte tiltak.

Den årlege potten til universell utforming vil bli nytta til naudsynte tiltak ved fylkeskommunens bygg. Prioritering av tiltak blir spesifiserte i økonomirapportering gjennom året.

Planlegging og prosjektering er igangsett for oppgradering ved Porsgrunn vgs. Tiltaka omfattar ombygging av kantine, rådgivartenesta, bibliotek, filmsal og nokre klasserom. I tillegg gjeld prosjektet utviding av kantine, samt større utbetring av uteområdet ved skolen (tilkomst, sykkelveg etc.), samt rehabilitering/forbetring av tekniske anlegg. Totalt omfattar prosjektet ein kostnad på 30 mill. kr, og er venta ferdigstilt i 2016.

Det er i vedtatt investeringsstrategi budsjettert med arealreduserande tiltak ved Bø vgs. Dette tiltaket blir føreslått endra til bygningsmessige tilpassingar, som følgje av justeringa av skoletilbodet. Det er sett av 6 mill. kr til dette.

Telemark fylkeskommune har inngått avtaler om analyse av energibruk og gjennomføring av energitiltak på åtte videregåande skolar, samt fylkeshuset. Avtalen inneber at entreprenøren garanterer for 38,4 % energireduksjon og har beregnet en inntjeningstid av investeringen på åtte år. Hovudinstallasjonar blir gjennomførde i 2016, og mindre tiltak i 2017. Prosjektet har ei samla ramme på 30 mill. kr.

Utlån

Fylkeskommunen har forskotert 45 mill. kr til E134 ved Grunge kyrkje. Tilbakebetaling frå Statens vegvesen skjer seinast i 2017.

Ny forskotering til E134 Sagrenda – Gvammen med 15 mill. kr er vedteke i fylkestingssak 49/15. Tilbakebetaling frå Statens vegvesen skjer seinast i 2019.

Eigenkapitalinnskott i KLP

KLP har oppgitt at det blir kravd eigenkapitalinnskott også for 2016. Summen ligg ikkje føre ennå, men det blir sett av 2,5 mill. kr årleg til dette. Summen skal førast i investeringsbudsjettet, men det er ikkje høve til å finansiere eigenkapitalinnskottet ved lån. Innskotet blir dekte frå investeringsfondet.

8. Politisk styring og leiing

Dette rammeområdet omfattar fylkestinget, fylkesutvalet, hovedutvala, kontrollutval, ulike råd, fylkesordførar, politiske organ og tilskott til politiske parti.



Foto: Dan Riis/Telemark fylkeskommune

8.1 Økonomisk ramme

Utgangspunktet for vedtatt budsjett og økonomiplan for 2016-2019 er rammer vedtatt i mål- og budsjettdokument for 2015-2018. Rammene er korrigerte for politiske vedtak gjennom året, og det er gitt kompensasjon for løns- og prisvekst på om lag 0,6 mill. kr. Endringar i økonomiske rammer før fylkestingets vedtak er vist i vedlegg 8.

Tabellen under viser økonomiske rammer vedtatt for planperioden.

Tal i heile tusen

	2015	2016	2017	2018	2019	Vedl.
Ramme basert på økonomiplan 2015-2018	30 322	30 258	30 758	30 258	30 758	8
Auke		1 393	1 393	1 393	1 393	9
Innsparingar		-4 540	-5 000	-5 500	-5 500	9
Vedtatt økonomisk ramme	27 111	27 151	26 151	26 651		8
Fordeling av ramme						
Politisk leiing og utval		16 598	17 098	16 098	16 598	
Tilskott politiske parti		6 213	6 213	6 213	6 213	
Kontrollutvalet		4 300	3 840	3 840	3 840	
Sum vedtatt budsjett 2016-2019	27 111	27 151	26 151	26 651		

Det er lagt inn 0,5 mill. kr i 2017 og 2019 til valutgifter.

Vedtatte endringar er nærmere omtalt i dette kapittelet.

Auke

Tal i heile tusen

	2016	2017	2018	2019
Fire nye FU-medlemmar	1 273	1 273	1 273	1 273
Godtgjøringsreglement	120	120	120	120
Sum	1 393	1 393	1 393	1 393

Auka tal på medlemmar i fylkesutvalet

Fylkestinget vedtok i sak 39/15 å utvide fylkesutvalet med to medlemmar, frå 11 til 13. I sak 2/15 den 13. oktober 2015 vedtok fylkestinget å auke fylkesutvalet med ytterlegare to medlemmar, til 15. Medlemmar av fylkesutvalet mottar godtgjering på 20 % av fylkesordføraren si godtgjering. Basert på noverande godtgjering til fylkesordfører utgjer auka 1,3 mill. kr årleg, inkl. sosiale avgifter.

Godtgjøringsreglement

Gjeldande godtgjøringsreglement har ingen ordning for dekning av utgifter til bustad for politiske leiarar som er busett slik at reisebelastninga i forbindelse med utføring av vervet er uforholdsmessig stor. Mange av fylkeskommunane har ei slik ordning. Fylkesrådmannen har gjort eit anslag på kva ei slik ordning vil kunne koste.

Innsparing

Tal i hele tusen

	2016	2017	2018	2019
Reduksjon utgifter	4 000	4 000	4 500	4 500
Telemark kommunerevisjon	540	1 000	1 000	1 000
Sum	4 540	5 000	5 500	5 500

Reduksjon politisk utgifter

Ressursbehovet har dei siste åra vore mindre enn budsjettet til politisk styring og kontroll. I 2014 var mindreforbruket på 4,4 mill. kr, der 3,4 mill. kr var relatert til politisk leiing og utval. I 2015 blei det lagt inn 0,5 mill. kr innanfor ramma til å delfinansiere ny treårig samarbeidsavtale med «ODD - stolte telemarkingar». Dette dekker utgiftene til å nytte Skagerak Arena og heimekampane som møtearena mellom politisk leiing i fylkeskommunen, kommunane og andre aktørar.

Telemark fylkeskommune har også høgare faktiske utgifter pr. innbyggjar til politisk styring og kontroll enn nabofylka. Med bakgrunn i fylkeskommunenes behov for innstrammingar er det vedtatt en reduksjon i ramma til politisk område med 4 mill. kr. Etter at samarbeidsavtalen med ODD går ut er budsjettet redusert med ytterlegare 0,5 mill. kr.

Telemark kommunerevisjon

Fylkeskommunen har i 2015 fornya avtalen med revisjonen, etter at ei arbeidsgruppe har sett på fordeling av tilskott til revisjon mellom eigarane. Den nye avtalen inneber ein årleg reduksjon i tilskott med 15 % fram til og med 2017.

9. Administrasjon og fellestjenester

Området omfattar fylkesrådmannen og hennar leiargruppe, samt felles støttefunksjonar i fylkeskommunen. Team eigedom inngår også i dette området frå 2015.

Frå 2016 er arbeidet med folkehelse overført til Regional utvikling for å få eit tettare samarbeid mellom folkehelse, idrett og friluftsliv.



Foto: Lars Tore Endresen/NRK

9.1 Økonomisk ramme

Utgangspunktet for vedtatt budsjett og økonomiplan for 2016-2019 er rammer vedtatt i mål- og budsjettdokument for 2015-2018. Rammene er korrigerte for politiske vedtak gjennom året, og det er gitt kompensasjon for løns- og prisvekst på om lag 3,3 mill. kr. Auka pensjonssats utgjer 4,2 mill. kr. Endringar i økonomisk rammer før fylkestingets vedtak er vist i vedlegg 8.

Tabellen under viser økonomiske rammer vedtatt i planperioden.

Tal i heile tusen

	2015	2016	2017	2018	2019	Vedl.
Ramme basert på økonomiplan 2015-2018	129 113	129 567	129 567	126 567	126 567	8
Auka behov	5 300	4 340	2 500	1 600	2 100	9
Innsparingar	-4 300	-1 964	-4 664	-3 764	-4 264	9
Vedtatt økonomisk ramme	-	131 943	127 403	124 403	124 403	8
Fordeling av ramme						
		2016	2017	2018	2019	
Fylkesrådmann og leiarteam		12 841	12 601	11 701	12 201	
Stabsavdeling		75 435	71 435	69 835	69 335	
Personal og organisasjon		32 685	32 385	31 885	31 885	
Økonomi og inkjøp		10 982	10 982	10 982	10 982	
Sum vedtatt budsjett 2016-2019		131 943	127 403	124 403	124 403	

Innsparskrava for området vedtatt i fylkestingssak 99/14 var ein innsparing med 3 mill. kr fra 2015 til 2016 og ytterligare 3 mill. kr i 2018. I vedtatt budsjett er ramma auka med 2,4 mil. kr i 2016 i forhold til førre års budsjettvedtak. Deretter er det lagt inn ein budsjettreduksjon på 4,5 mill. kr i 2017.

Vedtatte endringar er nærmere omtalt i dette kapittelet.

Til bygningsmessig vedlikehald er det føreslått ei ramme på 12,9 mill. kr, dvs. uendra nivå frå 2015. Av ramma blir 2 mill. kr føreslått avsette til uføresette tiltak, det vil sei umiddelbare uønska hendingar som krev strakstiltak (røyrbrot, vatn- og taklekkasjer etc.). Resten blir fordelt på dei enkelte skolane ut frå behov og vurdering av eventuelle følgjeskadar ved manglande vedlikehald. Det er ikkje planlagt omfattande enkelttiltak på spesifikke skolar i 2016, men budsjettet inneheld nødvendige tiltak gitt i tilsynsrapportar innan dei ulike fagområda.

Vedlikehaldsbudsjettet for tre skoleanlegg (Prestejordet, Brekkeby og Klosterskogen) er føreslått redusert til eit minimum med bakgrunn i at desse anlegga skal avhendast. I tillegg er det vurdert samkøyring av enkeltprosjekt der spesielle tiltak vil påverke graden av vedlikehald (planlagte utbyggingsar ved Hjalmar Johansen og Skogmo vgs.), samt andre spesifikke prosjekt (engergitiltak/ EPC og brannsikringsprosjekt).

Dei samla vedlikehaldskostnadene for skolane utgjer ca. 75- 80 kr/m²/år. Investeringar i fylkeskommunale eigedomar er omtalt i kapittel 6.3.

Auke

Tal i hele tusen

	2016	2017	2018	2019
Husleige fylkeshuset	100	100	100	100
Omstillingssmidlar	540	1 300	400	900
Stilling arkiv	600	600	600	600
Stilling personal	500	500	500	500
Elev-PC	2 600	0	0	0
Sum	4 340	2 500	1 600	2 100

Husleige fylkeshuset

I samband med at fylkeskommunen tar i bruk større delar av fylkeshuset til eige bruk er det behov for å auke rammene til husleige med 0,1 mill. kr.

Omstillingssmidlar

Fylkesrådmannen meiner det er naudsynt å sette av nokre midlar til utgreiingar i samband med effektivisering og omstilling av drifta til reduserte rammer.

Stilling på arkiv og personalavdelinga

Omlegginga til sentralt postmottak og digitalt arkiv i fylkeskommunen har ført til ein auke i dokumentfangst for arkivet på 140 %. Dei vidaregåande skolane er frigjorde for arbeidsoppgåver tilsvarende fem årsverk. I tillegg vart det forventa innspart ei stilling til postombering på Fylkeshuset. Denne gevinsten vart tatt ut for tidleg pga. diverse meirarbeid som følgde omlegginga. Arkivet har difor fått tilbakeført ei stilling frå stillingsbanken. Auken i stillingar på personalavdelinga kjem av underbudsjettering av allereie eksisterande stillingar.

Omlegging elev-PC

I vedtatt budsjett for 2015 vart ordninga med gratis PC-ar til elevane vidareført for skoleåret 2015/16, men det ligg framleis inne innsparingskrav til denne ordninga frå 2016. Innsparingskrav er vedtatt utsatt til 2017 (jf. tabellauke). Ny prognose for talet på elevar viser at nedgangen i elevtal blir mindre enn venta. Dette fører også til auke i tal på elev-PC-ar som må kjøpast inn. Endring i prognosene for talet på elevar er nærmere omtalt under rammeområdet vidaregående opplæring. Det er elles verd å merke seg omtale av omlegging av elev-PC-ordninga, under «Innsparing» nedanfor.

Innsparing

Tal i hele tusen

	2016	2017	2018	2019
Kompetanseheving	1 000	0	500	500
Innovasjonstiltak	800	1 800	300	300
Annonsering	0	300	300	300
Omlegging av elev-PC	0	1 400	1 500	2 000
Stillingsbanken		1 000	1 000	1 000
Reduserte reiseutgifter	164	164	164	164
Sum	1 964	4 664	3 764	4 264

Kompetanseheving

I mål- og budsjettet for 2015-2018 er det lagt inn auka midlar til kompetanseheving i 2016 med 1,5 mill. kr, og ytterlegare auke med 0,5 mill. kr i 2017. Fylkesrådmannen har ikkje funne rom for heile denne auken i budsjettet, og føreslår å redusere auken til kompetansehevingstiltak, slik at det nå ligg inne ein auke på 0,5 mill. kr i 2016 og 1 mill. kr i 2017 frå 2015-nivå. Deretter er auken redusert med 0,5 mill. kr frå 2018.

Innovasjonstiltak

Det er heller ikkje funne rom for å bruke midlar til innovasjonstiltak i økonomiplanperioden. Fylkesrådmannen vil likevel arbeide for å ta i bruk Kommunenes Sentralforbund (KS) sitt innovasjonsverktøy, og arbeide for å finne dei smartaste løysningane og skape kultur for nyskaping. Dette kan skje ved bruk av eigne ressursar i organisasjonen og ved å söke om eksterne midlar.

Annonsering

Endra rutinar for annonsering med auka bruk av digitale kanalar medfører ein reduksjon i budsjettet med 0,3 mill. kr frå 2017.

Omlegging av elev-PC

I det vedtekne budsjett ligg det inne ei innsparing på til saman 3,4 mill. kr i 2017 og 4,5 mill. kr i 2018 og 2019.

Fylkesrådmannen legg innføring av eigenandelar frå elevane til grunn for budsjettforslaget, og kjem tilbake med ei eiga sak om elev-PC-ordninga framover basert på dei gjeldande økonomiske rammene. Denne saka vil også avdekke om det er mogleg å ytterlegare redusere fylkeskommunens kostnader til ordninga i åra frametter. Utfordringa vi har med auka kostnader ved høg dollarkurs vil da også bli tatt med i vurderinga.

Dersom dette ikkje blir gjennomført, må budsjettet aukast frå 2017.

Stillingsbanken

Vinteren 2015 ble retningslinjene for stillingsbanken endra av Adminstrasjonsutvalet. Endringane er av ein slik karakter at det forventast ein årlig utgiftsreduksjon i forhold til tidlegare.

Reduserte reiseutgifter

Vi er i ein tid der vi alle bør vere opptekne av klima- og miljø. Som ei oppfølging av dette er det lagt inn ein reduksjon på reise- og møteutgifter på tilsaman 1 mill. kr, fordelt ut over heile organisasjonen. For administrasjon og fellestjenester utgjer dette 0,16 mill. kr.

9.2 Resultatmål

Resultatmål for området Administrasjon og fellestjenester vart vedtatt i fylkestingssak 31/15, LTP 2016-2019.

Ufوردriigar	Resultatmål
Samhandling og regionbygging	<ul style="list-style-type: none"> • Avklare framtidig region evt. regionsamarbeid • Samarbeidspartnerane skal oppleve god kommunikasjon med fylkeskommunen
Arbeidsmiljø og bedriftskultur	<ul style="list-style-type: none"> • Nye verdiar pregar arbeidsmiljøet i organisasjonen • Leiarane forstår og praktiserer gjennomgåande leiing • Tilsette opplever tydelege forventningar til god oppgåveløysing • Oppdaterte planar om framtidig kompetansebehov
Ressursutnytting og kvalitet	<ul style="list-style-type: none"> • Velfungerande system for styring og kontroll • Avklare ambisjonar og prioriteringar for forvaltning av eigedomsmassen • Hente ut gevinstar ved digitalisering når det gjeld: <ul style="list-style-type: none"> • Betre tenestekvalitet • Meir effektive arbeidsprosessar
Fornying og innovasjon	<ul style="list-style-type: none"> • Avklare ambisjonane for fornying og innovasjon innan sommaren 2016 • Strategi for innovative innkjøp skal ligge føre innan 2016

9.3 Prioriterte satsingsområde og tiltak

I LTP for 2016-2019 er det angitt åtte satsingsområde som skal ha prioritet i budsjettperioden. For kvart satsingsområde er det her lagt fram tiltak for 2016.

Regionavklaring

I regi av Østlandssamarbeidet er det sett i gang eit utgreiingsarbeid om regionale strukturar og oppgåver ved ein kommune- og regionreform. Dette arbeidet vil venteleg halde fram i 2016.

Fylkestinget har vedtatt å greie ut eit tettare formalisert samarbeid med Vestfold og Buskerud fylkeskommunar og mogleg samanslåing av dei tre fylka. Inntil Buskerud fylkeskommune gjer naudsynte avklaringar om si regionale tilknyting, kan utgreiinga berre omfatte Vestfold.

Etter framdriftsplanen frå regjeringa, med iverksetting av både ein kommune- og regionreform frå 2020, er det venta at fylkeskommunane fattar vedtak om eventuell samanslåing hausten 2016. I første halvår 2016 skal det vere gjennomført ein forstudie. I tillegg skal det bli utarbeidd eit opplegg for innbyggjarinformasjon og folkehøyring, jf. brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kommunikasjon i tråd med ny strategi

Synleggjering av fylkeskommunens oppgåver og samfunnsrolle med særleg tanke på unge vaksne, næringsliv og eigne tilsette er ei hovudsak i ny kommunikasjonsstrategi. Tiltak for å nå dette målet er vidareutvikling av intranettet, interne og eksterne profileringskampanjer, meir satsing på sosiale medium og oppgradering av heimesider.

I tilknyting til arbeidet med regionreform vil opplegg for innbyggjarinformasjon og folkehøyring bli prioritert.

Utvikle program for leiing

Etter at «Veksthus for leiare» er evaluert i organisasjonen, blir program for leiing utvikla. Evalueringa skjer hausten 2015, og programmet blir utvikla vinteren 2016 med tanke på oppstart hausten 2016.

Utarbeide og iverksette ny kompetanseplan

Tiltak i ny kompetanseplan for perioden 2016-2018 blir sett i verk. Planen skal vere ferdig utarbeidd i 2015.

Implementere nye verdiar i organisasjonen

Nye verdiar for Telemark fylkeskommune er vedtekne. I 2016 skal det utarbeidast ein rettleiar for korleis verdiane og leiarkrava kan brukast i kvardagen.

Informasjonstryggleik og personvern - følgje opp tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapport

Forvaltningsrevisjonsrapporten om informasjonstryggleik og personvern vil bli brukt som arbeidsdokument for det videre arbeidet. I 2016 blir den styrande delen ferdigstilt, som inneheld policy og målsetting, identifiserte krav og plikter, intern organisering, ansvar og myndigheit. Det blir gjennomført opplæring i informasjonstryggleiksarbeid etter planane som er skisserte i kompetanseplanen. Samtidig blir det prioritert å gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) om informasjonstryggleik.

Utvikle egedomsforvaltninga

Oversikt over tilstanden ved dei ulike fylkeskommunale egedomane vil bli presentert for fylkesutvalet som grunnlag for framtidige prioriteringar. Vurdering av egedomar for sal og avhending er under arbeid, og blir

førebuud for politisk behandling. Det same gjeld vurdering av finansieringsmodell for eigedomsforvaltninga og tiltak for energiøkonomisering.

Digitalisering

Digital strategi 2015-2019 for Telemark fylkeskommune vart vedtatt av fylkestinget i juni 2015. Arbeidet med strategien avdekkja mange behov og moglege tiltak for digitalisering i organisasjonen. Det er samstundes ei utfordring å få godt grep om gevinstrealiseringa. Fylkesrådmannen har etablert ein styringsstruktur med leiargruppa som porteføljestyre, og prioriterer å gjennomføre desse tiltaka:

- Opplæring i strategisk IKT-leiing - med vekt på endringsleiing og gevinstrealisering
- Oppfølging/fullføring av oppstarta prosjekt. Det største av desse er nytt skoleadministrativt system, «Visma FLYT Skole» (VSF), som skal settast i drift våren 2017
- E-skjema. Det er kartlagt ønske om digitalisering av ei stor mengd arbeidsprosessar der skjema inngår. Dette inneber at arbeidsprosessar blir automatiserte og må leggast om. Porteføljestyret har førebels prioritert desse:
 - Varsel til elevane (LAO - lærerens administrative oppgaver)
 - Innsynsløysing i digitale «elevmapper» for lærarane
 - Skoleskyss (fase 2), taxi-skyssgodtgjørelse-utpassering
 - Forenkling av arbeidsprosessen rundt investeringsprosjekta
 - Registrering av fråver og ferie - forenkling
 - Telemark.no - innhald og struktur på heimesida

Desse tiltaka og ytterlege nye tiltak blir sette i verk etter kvart som det er kapasitet/tilgjengelege ressursar i organisasjonen.

Innovasjon

Fylkeskommunen ønsker å samarbeide tett med forsking, næringsliv og frivillig sektor for å utvikle arenaer for nyskaping, samordne virkemiddelbruk, fornye tenester, tilbod og arbeidsformer. Å komme i gang med innovasjon handlar om å trenere opp ferdigheter og bygge røynsler undervegs. KS har utvikla ei rekke verktøy og metodar som eignar seg for innovasjonsprosessar. Det pågår ei kartlegging av aktuelle verktøy til fornying og innovasjon for å finne ut korleis desse kan takast i bruk i fylkeskommunenes organisasjon.

Innovative innkjøp

Fylkesrådmannen utarbeider ein innkjøpsstrategi for fylkeskommunen som legg til rette for enklare og meir innovative innkjøp. Strategien blir lagd fram for politisk behandling våren 2016. Fylkeskommunen ønsker å forsterke si rolle som regional utviklingsaktør på dette området, og arbeider for å få i gang eit prosjekt som skal bidra til lokal leverandørutvikling og oppfølging av tiltak mot arbeidslivskriminalitet i kommunane i Telemark.

10. Vidaregående opplæring

Vidaregående opplæring omfattar opplæring i skole og arbeidsliv, karriererettleiing, Oppfølgingstenesta (OT), Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), vaksenopplæring og fagskoletilbod i Telemark. Ved dei ellevte vidaregåande skolane blir det gitt eit tilbod innan alle dei tolv nasjonale utdanningsprogramma. Det blir også lagt til rette for å gjennomføre privatisteksamenar, og det blir formidla ungdom til opplærings- og lærekontraktar i ca. 100 ulike fag i offentleg og privat arbeidsliv i 1000 godkjende lærebedrifter.



10.1 Økonomisk ramme

Utgangspunktet for vedtatt budsjett og økonomiplan for 2016-2019 er rammer vedtatt i mål- og budsjettdokument for 2015-2018. Rammene er korrigerte for politiske vedtak gjennom året, og det er gitt kompensasjon for løns- og prisvekst på 19,7 mill. kr. Auka pensjonssats utgjer 9 mill. kr. Endringar i økonomiske rammer er vist i vedlegg 8.

Tabellen under viser økonomiske rammer vedtatt for planperioden.

Tal i heile tusen

	2015	2016	2017	2018	2019	Vedl.
Ramme basert på økonomiplan 2015-2018	937 330	939 658	934 548	930 706	930 706	8
Auka behov	-	36 100	31 350	28 200	17 100	9
Innsparinger	-12 550	-13 870	-11 450	-13 760	-26 460	9
Auka ramme Fagskolen	2 240	4 741	4 741	4 741	4 741	8
Vedtatt økonomisk ramme	927 020	966 628	959 189	949 887	926 087	8
Fordeling av ramme						
Seksjon for kvalitet og utvikling	142 127	148 137	146 787	146 787		
Seksjon for drift	33 064	33 114	32 045	32 045		
PPT og OT *	16 660	16 660	16 660	16 660		
Diverse formål oppkøring	5 597	4 097	4 097	4 097		
Vidaregående skolar	767 986	755 988	749 105	725 305		
Prosjekt	1 194	1 194	1 194	1 194		
Sum vedtatt budsjett 2016-2019	966 628	959 189	949 887	926 087		

Innsparingskrava for området vedtatt i Fylkestingssak 99/14 var ein innsparing med 24,8 mill. kr i 2016, 27,8 mill. kr i 2017 og 30,8 mill. kr i 2018. I tillegg ble det i fylkestingssak 31/15 som omhandla LTP 2016-2019 vedteke at vidaregående opplæring skulle spare ytterligare 8 mill. kr i 2016. Som følgje av auka elevtal klarar ikkje vidaregående opplæring den føreslalte reduksjonen.

Landslinja for natur- og miljøfag ved Rjukan vgs. har i forslag til statsbudsjett for 2016 fått ein auke på 2,2 mill. kr. Dette for å vidareføre tilbodet med Vg2 og Vg1 frå hausten 2016. Tilskottet til Fagskolen i Telemark er også foreslått auka i statsbudsjettet for 2016. Begge forslaga er innarbeid i budsjettet. Premissane for økonomien til skolane blir påverka av skoletilbodet på den enkelte skolen. Omtalen under må derfor sjåast i samanheng med eiga sak på skoletilbodet for 2016/17.

Elevnedgang

Status ved utgangen av 2015 er at skolane ikkje klarer å gjennomføre aktiviteten innanfor tildelt ramme for året. Inntaket av elevar hausten 2015 blei 126 fleire enn det som var lagt til grunn for budsjettet for 2015 og framover. Tiltak for å redusere talet på små klassar vart gjennomførte frå hausten 2015, men nye er komne til. Totalt vart det for skoleåret 2014/2015 finansiert 33 elevplassar til skolane for klassar under 10 elevar. For inneverande skoleår blei talet 39 elevar. Skoletilbodet må formast enda strammare, slik at det ikkje blir oppretta fleire klassar enn naudsynt, og dei må fyllast opp optimalt.

Ny prognose for elevtalsutvikling for dei komande åra er utarbeidd. Denne vil årleg bli justert ved framlegging av budsjettet. Prognosene er basert på røynsler om forholdet mellom avgangselevar i grunnskolen (GSI-tal) og

forholdet mellom Vg1-, Vg2- og Vg3-elevar. Han er kvalitetssikra mot dei siste års faktiske elevtal. Prognosene er utarbeid på dette grunnlaget:


Vg1	Vg2	Vg3
118,5 % av GSI	85 % av Vg1	69 % av Vg2

Tabellen under viser prognose for utvikling av elevtal 2016 – 2019:

År	Vg1	Vg2	Vg3/4	Sum elevar
2015	2 540	2148	1514	6193 *
2016	2 560	2 160	1 478	6 197
2017	2 451	2 176	1 490	6 116
2018	2 272	2 083	1 501	5 856
2019	2 401	1 931	1 437	5 769

* Faktisk elevtal pr 1.10.2015

Det faktiske elevtalet hausten 2015 er 126 elevar over prognosene frå fylkestingssak 32/12, Skoletilbodssstruktur 2020. I åra frem til 2019 blir elevtalsnedgangen parallelforskyvd opp ca. 160 elevar frå 2020-prognosene. Prognosene vises i figuren under.



Figur 8: Elevtalsutvikling 2013-19. Faktisk elevtall – ny prognose syner høgare elevtal enn prognose frå fylkesstingssak 32/12, Skoletilbodstruktur 2020.

Auke

Ved gjennomgangen av statusen i 2015, forpliktingar og behov for 2016 er det lagt inn følgjande auke:

Tal i heile tusen

	2016	2017	2018	2019
Elevretta tiltak	17 150	17 550	17 700	6 600
Strukturkostnader	5 850	3 300	3 300	3 300
Lærlingar - fagopplæring	6 800	6 800	5 200	5 200
Visma FLYT Skole	2 800	1 700	0	0
Auke til hovedutval for kompetanse	3 500	2 000	2 000	2 000
Sum	36 100	31 350	28 200	17 100

Elevretta tiltak

Som følgje av auka elevtal klarar ikkje vidaregående opplæring den føreslårte reduksjonen omtalt i LTP 2016-2019. Dei nye plassane må finansierast innan tildelt ramme. Auka behov er berekna ut frå ny elevtalsprognose.

Når det gjeld elevar med store behov, har fleire fått innvilga eit 4./5. år. Dermed blir det ikkje mogleg å få til budsjettet reduksjon. Området var budsjettet med ei innsparing på 4 mill. kr i 2015 og aukar til 5 mill. kr i 2016.

Kostnaden til gjesteelevar auka etter inntaket hausten 2015. Vi har fleire elevar frå Telemark som drar ut, enn elevar frå andre fylke som kjem til Telemark.

Nettskolen i Telemark er eit prosjekt som blir avslutta våren 2016. Dette tilbodet bør halde fram med matematikkfaga (R2, S1 og S2) som blir tilbode inneverande skoleår. Det er elevar frå seks av dei vidaregående skolane inneverande skoleår. Hovudutval for kompetanse vil få framlagt ei evaluering våren 2016. Budsjettvedtaket inneber å drifta som i dag i skoleåret 2016-17, og først frå 2018 utvikle fleire tilbod.

Strukturkostnader

Vest-Telemark vgs. har hatt eit meirforbruk på drifta både i 2014 og 2015, som følgje av flyttinga av avdeling Seljord. Hovudutval for kompetanse løyvde i september 2015 0,5 mill. kr til skolen. Berekingar syner at dei manglar ca. 3 mill. kr for å drifta tilbodet ved både avdeling Dalen og avdeling Seljord. Bakgrunnen for underfinansieringa er at avdeling Seljord har høge driftskostnader (administrasjon, reinhald, vaktmeister, kontor m.m.) og få elevar. Skal tilbodet halde fram, må skolen få ei særskild overføring på 3 mill. kr pr. år. Fylkestinget vedtok at tilbodet på Vest-Telemark vgs avdeling Seljord skal vidareførast.

Budsjettvedtaket medførte eit auka budsjett til strukturkostnader.

Det er satt av 6 mill. kr i investeringsprogrammet til ombygging.

Vedtatte endringar bidrar til meir effektiv drift av dei vidaregående skolane i Telemark. Denne gevinsten kjem i tillegg, og er ikkje utrekna eller lagd inn i budsjett og økonomiplan.

Lærlingar - fagopplæring

Basert på lærlingtal og prognose er budsjettet styrkt på grunn av auka plikter til lærlingtilskott (inkludert gjestelærlingar) med 5,2 mill. kr. Det er også vedtatt opplæring av prøvenemnder, som krev ei styrking av budsjettet for 2016 og 2017 på 1,6 mill. kr.

Visma FLYT Skole

Overgangen til nytt administrativt IT-system krev kjøp av tenester, totalt behov er truleg om lag 2 mill. kr. I tillegg må bemanninga på avdelinga styrkast ut 2017 med minst 100 % stilling, samt at interne ressursar blir

nytta. Gevinsten ved innføringa skal reknast ut og deretter takast ut frå 2018. Sjå punktet om tilpassing av aktivitet under innsparinger.

Fylkestinget vedtok ei auke til disposisjon for hovedutvalet for kompetanse med 3,5 mill kr. i 2016 og 2 mill kr. kvart år i perioden 2017-2019.

Politiske vedtak som ein ikkje finn rom for

Internasjonalisering

Strategi for internasjonalisering er lagt fram for politisk behandling hausten 2015. Denne var vedtatt i sak om budsjett og økonomiplan for 2015-2018. Fylketstinget kan ikkje prioritere å avsette eit eige budsjett som skolane kan söke for 2016 slik den økonomiske situasjonen er nå.

Skolehelsetenesta

Fylkestinget har ikkje funne rom for oppfølging av vedtak i hovedutval for kompetanse i september 2015 knytt til forlenging av finansiering av skolehelsetenesta.

Innsparing

Tal i heile tusen

	2016	2017	2018	2019
Strukturendringar	3 800	6 890	9 200	10 900
Redusert elevtal	0	0	0	11 000
Reversering av vedtatt plan	3 740	1 770	1 770	1 770
Tilpassing av aktivitet	2 770	2 270	2 270	2 270
Seksjon Kvalitet og utvikling	3 040	0	0	0
Reduksjon reiseutgifter	520	520	520	520
Sum	13 870	11 450	13 760	26 460

Strukturendringar

Hovedutval for kompetanse vedtok i sak 30/15 om internatet i Seljord: «Internatet vert avvikla med verknad frå skoleåret sin slutt våren 2016.» Konsekvensen av dette er lagd inn.

Fylkestinget løyvde 5 mill kr. til merkostnad for skoletilbodet i perioden 2016-2019. 3 mill. kr. av desse vil finansiere vidare drift ved Vest-Telemark avdeling Seljord. Dei resterande 2 mill kr. finansierer vidare drift av idrettstilbodet og media og kommunikasjon både på Hjalmar Johansen vgs og Porsgrunn vgs.

Overgangstilskottet som Bamble og Nome vgs. har hatt etter samanslåinga i 2014 tar slutt. Totalt utgjer dette 1,4 mill. kr samanlikna med 2015. Begge skolane har klart å tilpasse økonomien til ein skole med to avdelingar.

Det er eit mål å ha færre klassar med under ti elevar. Skoleåret 2014/2015 vart det til skolane samla finansiert 33 «tomme» elevplassar. For skoleåret 2015/2016 har dette auka til 39 elevplassar. Det tilsvrar over 3 mill. kr pr. år som følgje av låg oppfylling i desse gruppene. Tiltak for å få færre klassar med under ti elevar skal gjennomførast og blir tatt inn i saka om justering av skoletilbodet våren 2016 til Hovudutval for kompetanse.

Administrering av skoleskyss på den enkelte skolen har blitt mindre arbeidskrevjande. Samling til ei avdeling frå 1. august 2017 for Hjalmar Johansen vgs., og frå 1. august 2018 for Skien vgs., bidrar også til meir effektiv

drift. Visma FLYT Skole blir innført siste halvdel av 2017. Etter innføringa vil mange prosessar som i dag er arbeidskrevande bli digitaliserte og automatiserte. Effekten vil hausten 2015 og våren 2016 bli analysert og utrekna. Som eit forsiktig overslag er det tatt med at ein gevinst på minst 2 mill. kr bør kunne takast ut frå 2018.

Reversering av vedtatt plan

Fylkerådmannen foreslo ei innsparing i budsjettet i underkant av 1 mill. kr til disposisjon for Hovudutval for kompetanse i perioden. Fylkestinget vedtok å styrke denne posten med 3,5 mill. kr i 2016 og 2 mill. kr i perioden 2017-2019.

Det er i 2016 ikkje funne rom for den planlagde auken på 0,8 mill. kr for 2016 til vaksenopplæring. Nivået i 2015 er vidareført. Fylkesrådmannen gjer merksam på at kostnadsauke kan kome, sidan personar over 25 år som ikkje har fullført vidaregåande opplæring har ein lovlista rett til ønskt sluttkompetanse.

Utviklingsmidlar og kompetanseheving er redusert for 2016. Til kompetanseheving for lærarar har fylkesrådmannen ikkje funne rom for ein auke på 1,3 mill. kr i 2016. Fylkesrådmannen vil prioritere bruk av dei statlege ordningane og gjer merksam på at redusert ramme på 1,3 millionar ikkje er i samsvar med vedtatt kompetanseplan. Målet med utviklingsmidlane er at Telemark fylkeskommune kan arbeide med å forbetre kvaliteten i vidaregåande opplæring. Midlar skal brukast til å støtte gode tiltak og prosjekt på dei vidaregåande skolane med mål om auka gjennomføring eller læringsutbytte, i tråd med våre overordna mål.

Fylkesrådmannen har budsjettet med 1,3 mill. kr frå streikefondet for 2016 for å kunne styrke arbeidet med vurdering for læring. Dette er et viktig middel for å auke læringsutbytte og gjennomføringa i den vidaregåande skolen.

Tilpassing av aktivitet

Teoriopplæring for lærlingar er for 2016 redusert med 0,9 mill. kr. Det er berre rom for å gi teoriopplæring til elevar med rett.

Til sommar- og haustskole har behovet vist seg å vere mindre enn budsjett dei siste åra.

Til særskilt tilrettelegging for elevar er ramma redusert med 0,5 mill. kr samanlikna med 2015. Dette er eit resultat av at fylkeskommunen har ansvaret for medfølgjarordninga og reduksjon av ressurs til arbeidsutvalet for tilretteleggingsleiar. Samtidig ser fylkesrådmannen at dette kan vere usikre tal. Telemark fylkeskommune er lovpålagt å gi eit forsvarleg spesialpedagogisk tilbod.

Frå 1. januar 2015 vart det innført høgare betalingssatsar for privatistar. Dette gir rom for innsparingsa. Det er framleis slik at kostnadene er høgare enn inntektene på arbeidet med privatistar.

Avdeling for vidaregåande opplæring er sakshandsamar for fagskolen i 50 % stilling. Det er rimeleg at denne kostnaden blir dekt av fagskolen, og dette er vedteke i budsjettet. Ramma til Fagskolen er i statsbudsjettframlegget auka med 5 mill. kr frå 2015 til 2016.

Seksjon Kvalitet og utvikling

I seksjon Kvalitet og utvikling er det for 2016 spart over 3 mill. kr. Dette er gjennomført ved bruk frå fond og statlege midlar og er såleis innsparinger som berre er mogleg i 2016.

Reduserte reiseutgifter

Vi er i ein tid der vi alle bør vere opptekne av klima- og miljø. Som ei oppfølging av dette er det lagt inn ein reduksjon på reise- og møteutgifter på til saman 1 mill. kr, fordelt ut over heile organisasjonen. For vidaregåande opplæring utgjer dette 0,52 mill. kr.

Elev-PC

Sjå omtale under administrasjonen.

10.2 Resultatmål

Resultatmål for området vidaregående opplæring vart vedtatte i fylkestingssak 31/15, LTP 2016-2019.

Utfordringar	Resultatmål
Auka læringsutbytte	<ul style="list-style-type: none"> Faglege resultat i norsk, engelsk, matematikk, naturfag, skal minst ligge på nasjonalt nivå Lærlingar med bestått resultat på fagprøva skal vere på minst 95 % Inga avvik større enn 0,2 karaktereiningar mellom standpunktcharakter og eksamenskarakter Alle dei vidaregåande skolane skal ha «sunn kantine». Dette inneber at dei følgjer nasjonale retningslinjer for skolemåltidet Alle vidaregåande skolar legg til rette for fysisk aktivitet minst 30 minutt for skoledagen (på skoleveg og i skoletid)
Auka gjennomføring	<ul style="list-style-type: none"> 75 % av elevane skal ha gjennomført og bestått vidaregående opplæring på fem år Auke delen som fullfører på normert tid til 60 % Heva lærekontraktar skal ikkje utgjere meir enn 5 % av den totale mengda kontraktar Minst 60 % av vaksne i vidaregående opplæring skal ha bestått etter tre år

10.3 Prioriterte satsingsområde og tiltak

I LTP for 2016-2019 er det peika ut to satsingsområde som skal ha prioritet i budsjettperioden; auka læringsutbytte og auka gjennomføring.

Å oppretthalde god og effektiv drift som gir eit godt tilbod til elevar og lærlingar med reduserte økonomiske rammer blir sentralt dei komande åra. Telemark fylkeskommune må få til mest mogleg på dei to satsingsområda, innanfor den økonomiske ramma som er tilgjengeleg. For å få dette til, er det viktig at driftskostnader til lokala er låge, slik at mest mogleg av midlane kan nyttast til gode for elevane.

Auka læringsutbytte

På dette området vart følgjande satsingar vedtatte i LTP 2016-2019:

Kompetanseutvikling av lærarar og skoleleiarar med særleg vektlegging av minoritetsspråklege, IKT, klasseleiing og vurdering for læring er prioriterte fagområde. Kompetanseplanen må vidareutviklast til eit godt system for gjennomføring av kompetansetiltak på fellesområde og for individuelle planar.

Sette i verk gode utviklingsprosjekt og tiltak, alt med tanke på at læringsutbyttet for elevane blir styrkt.

Eksamensresultata våren 2015 syner at Telemark i fellesfaga framleis er i nedre sjikt av fylka. Det er altså god grunn til halde fram med arbeidet for auka læringsutbytte.

Kompetanseutvikling

Nytte dei statlege ordningane for lærarar og bruke kompetansehandlingsplanen aktivt til å prioritere tiltak. Dei statlege ordningane som i hovudsak blir nytta er:

- Kompetanse for kvalitet – vidareutdanning for lærarar
- Kompetanse for kvalitet – rektorutdanning
- Stipendordning for tilsette i undervisningsstillingar utan godkjend lærarutdanning
- Fagleg oppdatering av yrkesfaglærarar
- Hospiteringsordning skole/arbeidsliv
- Skolering innanfor «FYR» (Fellesfag, yrkesretting og relevans) og grunnleggande kunnskapar
- Kompetansehevingstiltak for lærarar og leiarar i vidaregåande opplæring for vaksne
- Kompetanseheving av nyvalde prøvenemnder og 300 faglige leiarar og instruktørar starta hausten 2015 og held fram i 2016
- Årleg auka bruk av Nasjonal digital Læringsarena (NDLA) med 10 %. Satsinga på NDLA er eit viktig tiltak for å auke læringsutbyttet for elevane

Utviklingsprosjekt

- Gode prosjekt knytte til betre læringsutbytte
- Gode verksemdsplanar på den enkelte skolen

Auka gjennomføring

Gjennomføring, fullført og bestått etter fem år er for 2009-kullet på 71 % i Telemark (offentlege og private vidaregåande skoler). Telemark er her rangert som fylke nummer ni. Dette er ei lita forbeting frå 2008-kullet som var på 70,2 %. Ser vi på gjennomført og bestått på normert tid for 2009-kullet, er Telemark rangert som nummer 14. Det er framleis viktig å ha god drift og tiltak som fører til auka gjennomføring.

På dette området vart følgjande satsingar vedtatte i LTP 2016-2019:

- Vidareføre samarbeidet med tydelege resultatmål mellom grunnskolen og vidaregåande skolar
- Vidareutvikle innhald og organisering av fagforum, og etablering av fleire fagforum
- Vidareutvikle arbeidet med tilpassa opplæring og tett oppfølging av elever. Starte arbeidet med å ta Ny GIV-prosjekta (program for bedre gjennomføring) inn i ordinær drift, og vurdere om ein skal ta i bruk alternative opplæringsløp
- Gi eit godt vaksenopplæringsstilbod

- Rekruttere nye lærlingbedrifter

Samarbeid

- Minst to årlege møte i alle dei lokala kvalitetsfora som er etablerte med kommunane. Sette sentrale saker på dagsorden
- Godt fungerande fagforum innanfor alle dei yrkesfaglege utdanningsprogramma i tråd med vedtatt mandat
- Få til eit godt samarbeid med kommunane om skolehelsetenesta for å styrke det førebyggande arbeidet

Tilpassa opplæring

- Utvikle og starte fleksible opplæringsløp innanfor service og samferdsel, og helse og oppvekst
- Utvikle og tilby fleire fleksible opplæringstilbod for vaksne, som sikrar at vaksne får fullført ønskt sluttkompetanse

II. Tannhelse

Tannhelse omfattar den offentlege tannhelsetenesta, som er stadfesta i Lov om tannhelsetenester av 1983. I Telemark er det 17 tannklinikkar inkludert 4 spesialistklinikkar. Primært skal den sikre regelmessig oppsökande og utettervendte tannhelsetenester til prioriterte grupper, saman med tilgang til naudsynt spesialistbehandling. Tilbodet skal vektlegge førebygging og helsefremjande aktivitetar framfor behandling. I 2014 hadde den offentlege tannhelsetenesta i Telemark fylkeskommune behandla og hatt tilsyn med rundt 55 000 pasientar.



Foto: Dan Riis/Telemark fylkeskommune

II.1 Økonomisk ramme

Utgangspunktet for vedtatt budsjett og økonomiplan for 2016-2019 er rammer vedtatt i mål- og budsjettdokument for 2015-2018. Rammene er korrigerte for politiske vedtak gjennom året, og det er gitt kompensasjon for løns- og prisvekst på om lag 1,5 mill. kr. Auka pensjonssats utgjer 5,3 mill. kr. Endringar i økonomiske ramme før fylkestingets vedtak er vist i vedlegg 8.

Tabellen under viser økonomiske rammer vedtatt for planperioden.

Tal i heile tusen

	2015	2016	2017	2018	2019	Vedl.
Ramme basert på økonomiplan 2015-2018	65 873	70 637	69 637	68 637	68 637	8
Auka behov	3 480	1 250	1 260	1 270	1 280	9
Innsparingar	-4 480	-4 149	-3 259	-3 269	-3 279	9
Vedtatt økonomisk ramme	64 873	67 738	67 638	66 638	66 638	8
Fordeling av ramme						
Tannhelsetenesta		5 094	5 094	5 094	5 094	
Fylkestannlegen		1 793	1 793	1 793	1 793	
Tanklinikkar		60 851	60 751	59 751	59 751	
Sum vedtatt budsjett 2016-2019		67 738	67 638	66 638	66 638	

Vedtatt innsparringskrav frå 2015 til 2016 er på 1 mill. kr. Deretter er det lagt inn en reduksjon i innsparing på 1 mill. kr i 2017. I 2018 er det lagt inn innsparingar på 2 mill. kr.

Vedtatte endringar er nærmere omtalt i dette kapittelet. I vedtatt busjett ligg det inne ein reduksjon på ytterlegare 2,9 mill. kr i 2016 i forhold til førré års budsjettvedtak.

Auke

Tal i heile tusen

	2016	2017	2018	2019
Førebyggande arbeid	50	60	70	80
Tap av mva komp	1 200	1 200	1 200	1 200
Sum auka behov	1 250	1 260	1 270	1 280

For å klare innsparingane dei neste åra er det viktig å auke effektiviteten utan at tannhelsetilbodet blir redusert. Dette inneber at ein må nytte tannpleiaranes auka ressursar målretta etter prinsippet om «Lågaste Effektive Omsorgs-Nivå» (LEON-prinsippet). Samstundes blir arbeidet vidareført med at tannhelsesekretærane tar over fleire støttefunksjonar, slik at tannlegane kan ha meir tid til behandling og sikre innteninga i tannhelsetenesta. Det er tilsett to nye tannpleiarar i 2015, og desse blir verdifulle bidrag til dette. Det er lagt inn midlar til førebyggjande arbeid, som er ein viktig del av tannpleiarane sitt arbeid.

Ein ESA-dom fastslår at fylkeskommunen ikkje kan subsidiere vaksne betalande pasientar. Fylkeskommunen har ikkje rett til mva-kompensasjon på varer og tenester kjøpt inn for denne gruppa pasientar. Tap av mva-kompensasjon i forbindelse med tannhelsetilbod til vaksne betalande pasientar er anslått til 1,2 mill. kr.

Innsparing

Tal i heile tusen

	2016	2017	2018	2019
Forskningsprosjekt	900	0	0	0
Auka inntekt	900	900	900	900
Auka takster	250	250	250	250
Ulefoss tannklinik	800	800	800	800
Reduserte reiseutgifter	49	49	49	49
Reduserte fellesutgifter	1 250	1 260	1 270	1 280
Sum innsparing	4 149	3 259	3 269	3 279

Forskningsprosjekt

Tannhelsetenesta arbeider med flerie forskningsprosjekt for å auke kvaliteten på arbeidsmetodar og kvalitetkontroll. I vedtatt økonomiplan 2015-2018 ligg det inne 0,9 mill. kr til forskningsprosjekt i 2016. Fylkesrådmannen arbeider med å finne alternativ finansiering til forskningsprosjektet. Dette gir ei innsparing på 0,9 mill. kr i 2016.

Auka inntening/takster

Dei siste fire åra har innteninga auka frå 39 mill. kr i 2011 til 55 mill. kr i 2014. Ein må derfor vere varsam med krav om ytterlegare auke. Ein moderat auke av takstane, samt auka tilbod om spesialisttenester, kan forsvare ei samla auka inntening på 1,15 mill. kr i 2016.

Nedlegging Ulefoss

Grunna dei økonomiske utfordringane i Telemark fylkeskommune har tannhelsetenesta evaluert moglege innsparinger som kan gjennomførast utan at kvaliteten på tannhelsetilbodet reduserast. Den beste løysinga er etter fylkestingets vedtak er å overføre tilboden ved Ulefoss tannklinik til tannklinikkane i Bø og Skien. Dette inneber ei innsparing på 0,8 mill. kr.

Reduserte reiseutgifter

Vi er i ein tid der vi alle bør vere opptekne av klima og miljø. Som ei oppfølging av dette er det lagt inn ein reduksjon på reise- og møteutgifter på tilsaman 1 mill. kr, fordelt ut over heile organisasjonen. For tannhelse utgjer dette 0,049 mill. kr.

Reduserte fellesutgifter

I vedtatt budsjett er det lagt inn ein reduksjon i fellesutgifter på tilsaman 1,3 mill. kr fordelt på alle tannklinikkane. Dette omfatter uforutsette utgifter og kompetansehevingstiltak.

11.2 Resultatmål

Resultatmåla for området tannhelse blei vedtatte i fylkestingsak 31/15, LTP 2016- 2019. Måla for tannhelsetenesta ligg fast, men for komande budsjettperiode er det i tillegg lagt inn eit nytt mål om tannpleiarstenester ved Sjukehuset Telemark helseforetak (STHF), primært for born. Bakgrunnen er at stadig fleire born lever med alvorlege kroniske sjukdommar og ofte får sterke medisinar med omfattande biverknader,

til dømes ved kreftbehandling. Foreldra og helsepersonell treng støtte og hjelp for å unngå tannhelseproblem i ein fase der andre faktorar lett kan føre til at tennene kjem i andre rekke eller blir heilt gløynde.

Utfordringar	Resultatmål
Tenestetilbodet til prioriterte grupper er tannhelsetenesta si primære oppgåve	<ul style="list-style-type: none"> • Tannhelsa hos indikatorårskulla (5,12 og 18 år) skal vere like god som landsgjennomsnittet • Andelen av eldre og kronisk sjuke som får tilbod og behandling skal aukast til 40 % mot dagens 30 %
Vaksne, betalande pasientar skal ha eit fagleg solid tannhelsetilbod i rimeleg avstand frå bustaden	<ul style="list-style-type: none"> • Talet på betalande pasientar skal vere stabilt eller auke • Innteninga frå betalande klientell skal utgjere minst 50 % av nettobudsjettet til tannhelsetenesta • Vaksne betalande pasientar skal få tilbod om spesialistbehandling så langt dette ikkje reduserer tilboden til prioriterte grupper
Styrke folkehelsearbeidet gjennom større vekt på kosthald	<ul style="list-style-type: none"> • Tannhelse deltar i Ressursgruppe kosthald i sektorovergripande samla regionalt og lokalt folkehelsearbeid • Tannpleiarane aukar si oppsøkande og utvende verksemd til 2000 timer i året
Internasjonalt arbeid	<ul style="list-style-type: none"> • Tannhelsetenesta vil starte forskingsprosjekt i samarbeid med akademia og næringsliv der det er nyttig og mogleg

11.3 Prioriterte satsingsområde og tiltak

I langtidsbudsjettet for 2016-2019 er det presisert fire satsingsområde som skal ha prioritet i budsjettperioden. For kvart satsingsområde er det her gjort vedtak om tiltak for 2016.

Tenestetilbod for prioriterte grupper

- Innkallingsrutiner for born og unge skal følgjast opp og tilpassast nasjonale retningslinjer
- Samhandlinga med kommunane skal styrkast gjennom enda hyppigare kontaktar, særleg med leiinga på institusjonar og helse- og omsorgstenesta. Målet må vere å doble frekvensen til to til tre møte i året i tillegg til dagar med undersøking og opplæring av dei tilsette i kommunane
- Tilboden om spesialistbehandling skal kommuniserast sterkare til eldre og kronisk sjuke
- Spesialist i restaureringsbehandling (protetikk) skal tilsettast i perioden fram til 2018

- Tannpleiar skal ha faste dagar på Sjukehuset Telemark for å yte støtte og opplæring i tannhelse til foreldre og pleiarar som har ansvar for born med alvorlege sjukdommar som treng omfattande behandling for kreft, hjartesjukdomar og andre alvorlege sjukdomar

Tenestetilbod for vaksne betalande pasientar

- Vaksne betalande pasientar skal få tilbod om behandling i den offentlege tannhelsetenesta dersom dei har behov for det og kapasiteten ved klinikkane tillet slik verksemd
- Behandling av vaksne betalande pasientar skal styrkast for å sikre mangfold og klinisk fagleg kompetanseutvikling hos tannlegane, slik at tenesta kan gi eit solid og tidsmessig behandlingstilbod
- Auka tilbod om spesialistbehandling innan fylkets grenser skal også kome vaksne betalande pasientar til gode

Folkehelsearbeid

- Tannhelse deltar i ressursgruppe ksthald i det regionale og lokale folkehelsearbeidet
- Folkehelse skal vere ein viktig del av tannpleiarane si utvende og oppsökjande verksemd, som skal haldast på 2000 timer for 2016

Internasjonalt arbeid

- Tannhelsetenesta arbeider allereie med ei rekke planar for forskingsprosjekt som kan legge grunnlag for internasjonalt samarbeid med akademia og æringsliv. Planen er å følgje minst tre ulike prosjekt i perioden

12. Regional utvikling

Regional utvikling har ansvaret for å utvikle fylkeskommunen som leiande regional utviklingsaktør og skape ei positiv samfunnsutvikling i Telemark. Rammeområdet har stor breidde i fagområde som omfattar næringsutvikling, reiselivsutvikling, FoU, friluftsliv, vannforvaltning, kultur og idrett, internasjonalt arbeid og forvaltning av kulturminne, miljø og naturressursar.

Frå 2016 er arbeidet med folkehelse overført til Regional utvikling.



Foto: Runar Lia/Norsk Industriarbeidermuseum

12.1 Økonomisk ramme

Utgangspunktet for vedtatt budsjett og økonomiplan for 2016-2019 er rammer vedtatt i mål- og budsjettdokument for 2015-2018. Rammene er korrigerte for politiske vedtak gjennom året, og det er gitt kompensasjon for løns- og prisvekst med om lag 2 mill. kr for dette området. Auka pensjonssats utgjer 1,7 mill. kr. Endringar i økonomiske rammer er vist i vedlegg 8.

Tabellen under viser økonomiske rammer vedtatt for planperioden.

Tal i heile tusen

	2015	2016	2017	2018	2019	Vedl.
Ramme basert på økonomiplan 2015-2018	68 177	80 815	80 040	77 540	77 540	8
Auka behov	9 710	3 300	4 800	4 800	4 800	9
Innsparingar	-1 500	-547	-1 047	-1 047	-1 047	9
Vedtatt økonomisk ramme	76 387	83 568	83 793	81 293	81 293	8
<hr/>						
Fordeling av ramme		2016	2017	2018	2019	
Regional utvikling		2 177	2 177	777	777	
Nyskaping		12 415	13 015	12 915	12 915	
Internasjonalt arbeid		6 233	6 233	6 233	6 233	
Kultur		47 828	47 453	46 453	46 453	
Kulturminnevern		5 572	5 572	5 572	5 572	
Folkehelse		5 913	5 913	5 913	5 913	
Prosjekt		3 430	3 430	3 430	3 430	
Sum vedtatt budsjett 2016-2019		83 568	83 793	81 293	81 293	

I budsjett for 2015 ble det lagt inn heile 8,2 mill. kr i styrking av budsjettet. Det ble satt av 5 mill. kr til intensivert arbeid for å skape fleire arbeidsplasser og auka tilflytting til Telemark. Dette arbeidet er vedtatt vidareført med 2 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden.

Vedtatt budsjett for området i Fylkestingssak 99/14 var ein auke med 2,9 mill. kr i 2016 og 2017 og 0,4 mill. kr i 2018.

Området Regional utvikling har i liten grad frie midlar, og økonomien er i stor grad bunde opp i lønnsmidlar og dei midla som fordelast er i stor grad statlege støtteordningar der spillemidlar og Regionale utviklingsmidlar utgjer den største postane saman med midlar til friluftsformål. Det er innan kulturområdet det er eigne midlar som kan kuttaast.

I mål- og budsjettdokument for 2015-2018 ble det vedtatt ein innsparing på kulturområdet på 2 mill. kr knytt til fylkeskommunale tilskott på kulturområdet. Det er vedtatt ytterlegare innsparing på 1 mill. kr i 2018 på kulturområdet. I tillegg kjem auke og innsparing omtale nedanfor.

Auke

Tal i heile tusen

	2016	2017	2018	2019
Idrettskonsulent	300	800	800	800
Auke til disp for hovedutvalet for kultur	2 000	2 000	2 000	2 000
Styrking Telemarkskanalen	1 000	1 000	1 000	1 000
Klimatiltak frå klimaplanen		1 000	1 000	1 000
Sum	3 300	4 800	4 800	4 800

Idrettskonsulent

Det treårige engasjementet av ein ekstra rådgivar/fylkesidrettskonsulent går ut 1. august 2016. Resultata har vore svært gode. I 2014 vart alle spelemiddelsøknader godkjende, statstilskottet har auka med ein tredel i perioden og er i 2015 på 37,4 mill. kr. Overgang til fast styrka bemanning inneber 0,3 mill. kr i 2016 og 0,8 mill. kr frå og med 2017.

Fylkestinget vedtok ei styrking i perioden 2016-2019 med 2 mill. kr til disposisjon for hovudutvalet for kultur og 1 mill kr. til til styrking av Telemarkskanalen. I perioden 2017-2019 er det vedteke ei styrking med 1 mill. kr til klimatiltak.

Andre tiltak

Etablerarkontora har til nå vore årleg prosjektfinansiert. Det er i 2015 sett i gang eit arbeid for å sikre ei varig driftsfinansiering av etablerarkontora som eit spleislag mellom fylkeskommunen og kommunane. Kostnadene til fylkeskommunen er ikkje avklara enno og eit førebels anslag ligg på 1 mill. kr. frå 2017. Det er ikkje funne rom for dette i budsjettet. Fylkesrådmannen vil arbeide vidare i 2016 for å finne ein måte å finansiere dette tiltaket på, og kjem tilbake til dette i budsjettet for 2017.

Som følgje av UNESCOs godkjenning skal det etablerast eit verdsarvsenter. Fylkeskommunen må yte eit driftstilskott til dette senteret. Summen er ikkje avklara enno, og fylkesrådmannen kjem tilbake til dette i budsjettet for 2017.

Ved budsjettforhandlingar i Stortinget i fjor fekk Grenland Friteater ein ekstraordinær auke på 0,5 mill. kr. Med bakgrunn i finansiering med fordeling 20 % kommune, 20 % fylkeskommunen og 60 % statleg finansiering, auka dermed fylkeskommunen sin del med 0,17 mill. kr. Innan eksisterande rammer er det ikkje rom for naudsynt omprioritering. Kva det får å si for statstilskottet til Grenland Friteater, er usikkert. Fylkeskommunens tilskott i 2016 utgjer 1,6 mill. kr.

Innsparing

Tal i heile tusen

	2016	2017	2018	2019
Reduksjon i tilskot	300	800	800	800
Reduksjon reiseutgifter	247	247	247	247
Sum	547	1 047	1 047	1 047

I tillegg til finansiering av ny stilling som idrettskonsulent og reduserte reiseutgifter, blir det nedanfor gjort greie for tiltak innanfor kulturområdet som i sum fører til ein samla reduksjon på 2 mill. kr, jf. tidlegare budsjettvedtak. Ein ytterlegare reduksjon av kulturområdet på 1 mill. kr i 2018 vil bli synleggjort ved seinare rulleringar.

For 2016 oppfyller kulturområdet den vedtekne innsparing 2 mill. kr samt finansiering av ny stilling som idrettskonsulent med 0,3 mill. kr, ved å redusere postane for støtte til fylkesbiblioteket med 0,5 mill. kr, støtta til fellesorganisasjonane for idrett reduserast 0,3 mill. kr, kulturnettverk reduserast med 0,3 mill. kr, de andre fylkesdekkande organisasjonane er redusert med 50 % kvar tilsvarende 0,72 mill. kr og festivalområdet er redusert med 0,48 mill. kr. Dette gir ein total reduksjon på 2,3 mill. kr. Hovedutval for kultur vil nytte auken på 2 mill. kr til å vurdere om nokre av desse innsparingane skal reverserast.

Reduserte reiseutgifter

Vi er i ein tid der vi alle bør vere opptekne av klima og miljø. Som ei oppfølging av dette er det lagt inn ein reduksjon på reise- og møteutgifter på tilsaman 1 mill. kr, fordelt ut over heile organisasjonen. For regional utvikling utgjer dette 0,247 mill. kr.

| 2.2 Resultatmål

Resultatmål for området regional utvikling vart vedtatte i fylkestingssak 31/15, LTP 2016-2019.

Uffordringar	Resultatmål
Meir nyskapning og fleire nyetableringer	<ul style="list-style-type: none"> • Høgare vekst i Telemark enn landsgjennomsnittet i antall arbeidsplassar i konkurrerande arbeidsliv • Etableringsfrekvensen i Telemark skal vere betre enn middels av fylka • Høgare andel overleving av nyetableringer enn landsgjennomsnittet etter fem år
Ny kunnskap gjennom Forsking og Utvikling (FoU)	<ul style="list-style-type: none"> • Auka finansiering til FoU gjennom deltaking i regionale, nasjonale og internasjonale programsatsingar
Auka attraktivitet som bu- og besøksstad	<ul style="list-style-type: none"> • Auka ekstern finansiering av prioriterte tiltak innan kultur, kulturarv, idrett og friluftsliv
Samhandling med eksterne aktører	<ul style="list-style-type: none"> • Etablere samarbeidsavtaler med alle kommunene • Etablere formalisert regionalt partnerskap for å samordne næringsarbeidet i fylket
Aktivt internasjonalt engasjement	<ul style="list-style-type: none"> • Etablere strategisk internasjonalt UNESCO-samarbeid

	<ul style="list-style-type: none"> • Delta i Interreg-prosjekt som understøtter vedtatte prosjekt i fylket
Folkehelse	<ul style="list-style-type: none"> • Understøtte kommunane i deira folkehelsearbeid, vere ein pådriver for, og samordne folkehelsearbeidet i fylket • Positiv utvikling på folkehelseindikatorer der Telemark scorar dårlegare enn landsgjennomsnittet

12.3 Prioriterte satsingsområde og tiltak

I LTP for 2016-19 for Regional utvikling er det angitt fire satsingsområde som skal prioriterast i budsjettperioden. For kvart satsingsområde er det her gjort vedtak til tiltak for 2016.

- Hente ut regional meirverdi for verdiskaping og næringsutvikling gjennom eit samordna næringsarbeid med kommunar, regionalt statleg nivå, nærings- og arbeidsliv og kunnskapsmiljø.
 - Etablere eit regionalt partnerskap for næringsutvikling i 2016
 - Satsing på næringshageprogrammet i fylket i samarbeid med SIVA
 - Stimulere til auka samarbeid mellom inkubatorane i fylket
 - Ivareta og vidareføre røynsler og kompetanse frå Invest in Telemark for å auke samarbeid om etablering av verksemder i fylket
 - Legge til rette for vidareføring av satsinga på digital synlegheit
 - Legge til rette for auka kopling mellom studentar og næringsliv for å behalde og tiltrekke attraktiv kompetanse til fylket
 - Overføre kompetanse og røynsler frå VRI-satsinga og nyte Smart Spesialisering for å gjere regionen betre i stand til å utnytte sine konkurransefortrinn
 - Målretta innsats gjennom «Bridging Europa» og «Bridging the Atlantic» for å auke talet på samarbeidsprosjekt med offentlege og private aktørar
- Auke verdiskaping og næringsutvikling frå kultur, industri- og kulturarv
 - Styrke samarbeidet for å fremme næringspotensialet frå UNESCO verdensarv i heile Telemark
 - Utvikle vertskapsrolla og etablere ei sertifiseringsordning som sikrar høy kvalitet på opplevelingar i Telemark
 - Etablere eit fylkesdekkande bygningsvernsenter for å forvalte kulturarven, utvikle kompetanse og skape nye arbeidsplassar
 - Møte framtidas krav og auka delegert myndighet frå Riksantikvaren innanfor kulturarvforvaltinga ved å utvikle relevant kompetanse gjennom samarbeid med forskings- og forvaltingsmiljø, regionale museum og kurstilbydarar
 - Auke kompetansen hos eigar og brukar av kulturminne om kva kulturarven mogleggjer, og korleis utnytte den på ein berekraftig måte
- Auke verdiskaping frå stadbundne ressursar og ivareta miljøomsyn

- Etablere auka samarbeid mellom industri og forskingsmiljø for å utløyse næringspotensialet frå skog, vassressursar og sjeldne jordartsmetall i Telemark
- Utvikle ein interregional strategi for langsiktig tilgang på byggeråstoff for Telemark, Buskerud og Vestfold
- Legge til rette for bruk av CO₂ som innsatsfaktor for framstilling av nye produkt knytte til bioøkonomien
- Oppretthalde og auke løyvingane frå Riksantikvaren til freda bygg og anlegg
- Styrke profilering av Telemark gjennom formidling og utvikling av attraksjonar innan reiseliv, industri- og kulturarv, kultur, nærings-, idrett- og friluftsliv
 - Samordne satsinga inn mot verdsarven gjennom verdsarvkoordinator
 - Utarbeide ein formidlingsplan for kulturarv
 - Delta i og etablere regionale, nasjonale og internasjonale utviklingsprosjekt for å utnytte verdsarvstatusen
 - Arbeide for at Olympiatoppen og Norges idrettsforbund etablerer eit regionalt toppidrettsenter i Telemark, lokalisert til Skien Fritidspark
 - Utvikle sterke attraksjonar av nasjonal og internasjonal interesse gjennom aktivt offentleg og privat samarbeid
 - Etablere verdsarvsenter i samarbeid med Norsk Industriarbeidermuseum og med nasjonal, regional og lokal finansiering
 - Bidra til realisering av nybygg for Telemark Museum i samarbeid med Kulturdepartementet og lokale finansieringskjelder

Frå 2016 er arbeidet med folkehelse overførd til Regional utvikling, deira satsingsområde med tiltak er:

- Fylkeskommunenes strategi for å sikre gode levekår for alle i Telemark er operasjonalisert i Regional strategi for folkehelse i Telemark 2012-2016. Folkehelsestrategien peikar på fire hovudområdar for å førebygge og skapa gode levevaner for alle. Sikre at alle barnehagar og skular skal ha kjennskap og følgje dei nasjonale anbefalingane om mat i barnehage, SFO og skolar, legge til rette for og motivera for økt fysisk aktivitet i heile befolkninga, sikre gode psykososiale oppvekstvilkår for alle barn og unge og vera med å vidareutvikle det systematiske kommunale folkehelsearbeidet.
 - Gjennomføra og evaluera tiltaka i handlingsplanane for kosthold, fysisk aktivitet og friluftsliv, psykososialt oppvekstmiljø og kommunalt folkehelsearbeid
 - Gjennomføre og følgje opp Ungdataundersøkelsen – «Ung i Telemark 2015» i samarbeid med KoRus Sør og Høgskolen i Telemark
 - Evaluera og vidareutvikle partnerskapsavtaler med frivillige organisasjonar for å sikre breidde og engasjement i folkehelsearbeidet
 - Arbeide for ein betre samordning av samarbeid med dei frivillige organisasjonane.
 - Gjennomføre prosjektet «Helse og trivsel skapes der du bor» dersom Helsedirektoratet løyver midlar til søknaden
 - Følgje opp rapporten Aktiv aldring 60+, med fokus på samhandlingsreformens møte- og tiltaksarenaer og utarbeide strategi for ressursmobilisering av aktive seniorar 60+

- Utarbeide oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar til regional planstrategi jf. Folkehelselova §21

I 3. Areal og transport

Rammeområdet har ansvaret for 1900 km fylkesvegar, regional og lokal kollektivtransport inkludert skoleskyss, oppfølging av regionale areal- og transportplanar, koordinering av rettleiing og fråsegner til kommunanes samfunns- og arealplanar og løyvehandsaming. Området skal også legge til rette for fylkets formelle påverknadsrolle overfor nasjonale myndigheter om statleg samferdsel.



Foto: Dag Jenssen

I 3.1 Økonomisk ramme

Utgangspunktet for vedtatt budsjett og økonomiplan for 2016-2019 er rammer vedtatt i mål- og budsjettdokument for 2015-2018. Rammene er korrigerte for politiske vedtak gjennom året, og det er gitt kompensasjon for løns- og prisvekst på om lag 14 mill. kr. Auka pensjonssats utgjer 0,6 mill. kr. Endringar i økonomiske rammer før fylkestingets vedtak er vist i vedlegg 8.

Tabellen under viser økonomiske rammer vedtatt for planperioden.

Tal i heile tusen

	2015	2016	2017	2018	2019	Vedl.
Ramme basert på vedtatt økonomiplan	487 201	503 235	503 235	493 235	493 235	8
Auka behov	11 250	24 200	31 300	31 900	31 300	9
Innsparing	-1 250	-14 420	-33 520	-26 120	-27 520	9
Vedtatt økonomisk ramme	497 201	513 015	501 015	499 015	497 015	8
Fordeeling av ramme						
		2016	2017	2018	2019	
Kollektivtrafikk		254 656	254 656	254 656	254 656	
Veg		234 320	222 320	220 320	218 320	
Andre område areal og transport		24 039	24 039	24 039	24 039	
Sum vedtatt budsjett 2016-2016		513 015	501 015	499 015	497 015	

Området fikk ei netto auke i økonomiske rammer i fylkestingssak 99/14 på 10 mill. kr i 2016 og 2,5 mill. kr for åra 2017-18. I sak om langtidsprioriteringar 2016-19, fylkestingssak 31/15 blei ramma redusert med 2 mill. kr i åra 2016-17 og 4 mill. kr i 2018-19.

Nye auka behov og innsparing bygger på ei konkret vurdering av utfordringar og handlingsrom på rammeområdet. Vedtatt budsjett gir areal og transport ei netto auke av økonomisk ramme i åra 2016, 2018 og 2019. I 2017 er netto innsparing 2,2 mill. kr. Vedtatte endringar er nærmere omtalt i dette kapittelet.

Auke

Tal i heile tusen

	2016	2017	2018	2019
Ny kollektivavtale Grenland	12 000	24 000	24 000	24 000
Gjennomgåande billettering	1 000	1 000	1 000	1 000
Bussrute Notodden terminal	300			
Mobilbillett	500	500	500	500
Reiseplanleggar	400	400	400	400
Driftskontraktar fylkesveg	5 400	5 400	5 400	5 400
Dekkelegging	4 600		600	
Sum	24 200	31 300	31 900	31 300

Kollektivtransport

Kontrakt for kollektivtransport i Grenland har vore ute på anbod, og får ein kostnadsauke på om lag 18 mill. kr inkludert betaling for skyss av elevar i vidaregåande skole i Grenland. I tillegg kjem utbetaling av bonus i samband med insentivordninga, der busselskapet blir godtjort ekstra dersom passasjertalet aukar. Med ny kontrakt vil om lag 50 % av produksjonen i Grenland bli køyrd med biogass. Sidan ny kontrakt startar opp sommaren 2016 blir det halvårsverknad på om lag 12 mill. kr i 2016 inkludert insentivordninga.

Det pågår eit nasjonalt arbeid med å lage felles billettløysingar for kollektivtransport. Med dette arbeidet får fylkeskommunen auka kostnader som følgje av samordning av kundekategoriar på tvers av fylke og administrasjonsselskap. Heilårseffekten er på om lag 1 mill. kr frå og med 2016.

Frå hausten 2015 er det sett inn ei bussrute mellom Notodden skysstasjon og Notodden stasjon. Denne har ein kostnad på 0,3 mill. kr i 2016.

